




Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Bygland kommune



Årsberetning 2022

Kommunedirektøren sitt forslag

17.04.23



KOMMUNEDIREKTØREN HAR ORDET

2022 var året vi la pandemien bak oss. Samstundes gjekk verda inn i nye kriser og utfordrande situasjonar. På same måte som med Covid, har krig og energikrise påverka Bygland.

I 2022 fekk vi 19 nye innbyggjarar frå Ukraina. Heile kommunen har bidrege til å få dei til å føle seg heime. Ikkje berre dyktige kommunalt tilsette, men også frivillige som mobiliserte og som i godt samarbeid med kommunen ordna leilegheiter ned til minste detalj med gåver frå folk i Bygland. Før jul samla setesdølar og ukrainarar seg til felles fest på Stoga. Folk åt god mat frå begge land, det vart spela folkemusikk og dansa gangar. Stemninga var som når vener møtest, og det var tydeleg å sjå at folk hadde det triveleg i lag. Måten vi har teke imot desse menneska på, fortel mykje om kvalitetane som bur i Bygland. Det lovar godt for vidare integreringsarbeid i ein flyktningsituasjon vi dessverre må rekne med blir langvarig.

Krigen i Ukraina har også skapt ei energikrise som har vore utfordrande å takle lokalt. Spesielt for lokalt næringsliv med små marginar. Butikkane våre vart ekstra hardt råka, og kommunen etablerte ei straumstøtteordning for å hjelpe lokalbutikkane – som på mange måtar er navet i tettstadane og grendene våre – over kneika. Ordninga vart implementert raskt, etter god dialog med butikkane og politikarane. Og det har verka. Samstundes viser denne situasjonen oss kor sårbart det er å oppretthalde gode lokalsamfunn. Framover må vi fokusere meir på å utvikle sentrum som er robuste nok til å stå støtt i både gode og dårlege tider.

Energikrisa gav oss også solide ekstraintekter i 2022. Korleis desse inntektene blir framover er svært usikkert. Det vil ikkje vere berekraftig å gjere tiltak som gjev varige kostnadsauker i tenestenivået basert på desse inntektene. Kostnadsnivået i 2022 er ikkje berekraftig i eit år med meir normalt nivå på kraftinntektene. Rekneskapen viser eit eit mindreforbruk i høve budsjett på 3,5 mill. før strykningar og 0,9 mill. etter strykningar. Disposisjonsfonda har samla sett auka med 3,1 mill. i løpet av 2022 og er på litt over 35 mill. per 31.12.22. Det er godt over kommunen sitt måltal for disposisjonsfond. Langsiktig gjeld er redusert med 5,2 mill. (kor startlån utgjør 1,5 mill. av dette) til litt over 141 mill. Dette er framleis litt over målalet for kva gjelda maksimalt bør vere, så kommunen vil halde fram med fokus på å redusere gjelda i framtida.

Det vart levert gode tenester i 2022. På Agenda Kaupangs kvalitetsindeks var vi den 11. beste kommunen i landet. Barnehagane kom særst godt ut, og eg er utruleg stolt av dei dedikerte og flinke tilsette som leverer kvar dag, heile året. Vi har god eldreomsorg, og vi har ein god skule. Det er ikkje sjølv sagt.

Samstundes vil vi ikkje kunne halde fram med å levere tenestene på same nivå framover dersom vi ikkje tenkjer nytt. Alle Noreg sine 356 kommunar har ansvaret for å levere dei same tenestene. Det seier seg sjølv at føresetnadene er annleis i Oslo og Bygland.

Oppvekstsektoren er godt i gang med ein prosess for å sjå på korleis ein kan jobbe annleis framover. Stadig krympande elevantal tvingar fram behovet for å tenkje meir samarbeid mellom dei to oppvekstsentera. Difor har vi prøvd ut felles leining sidan august. Det har kosta mykje arbeid, og alt er ikkje på plass endå. Men det er hausta fleire positive erfaringar. Mellom anna gjennom at det er skapt fleire fellesarenaer på tvers av oppvekstsentera. Det er godt for både born og vaksne.

Utfordringane i framtida, anten det er levekårsutfordringar eller eldrebølgja, krev samhandling og utvikling av tenestene på tvers av dei tradisjonelle einingane våre. Dette er utfordrande å få til for ein liten driftsorganisasjon med stadig meir komplekse og krevjande oppgåver. Leiarane og mellomleiarane våre jobbar lange dagar og kjenner ofte på svakheita i gapet mellom forventingane dei møter og tida dei har tilgjengeleg til å jobbe med utfordringane. Dette er fellestrekk for heile kommune-Noreg, men treff oss som ein svært liten kommune ekstra hardt. Skal vi sikre stabilt leiarskap framover må vi også sikre rammene som skal til. Dette dreier seg ikkje nødvendigvis berre om økonomi, men om korleis vi organiserer oss for å møte utfordringane. Med storleiken vår må vi på fleire område gjere det på tvers av kommunegrensene framover. I tillegg må vi ta strukturelle grep internt. Til dømes innan helse og pleie og omsorg, der det framover vil bli svært utfordrande å få tak i dei hendene og hovuda vi treng. Ungt helsepersonell er eitt døme på ei gruppe som vil ha fagmiljø rundt seg i større grad enn før. Vi opplever allereie no at tilsette sluttar hos oss på grunn av mangelen på dette. Over tid risikerer vi ei «utvatning» av den faglege kvaliteten på tenestene. I tenester som er fagspesifikke, er det ei sårbarheit med tanke på sjukdom og anna



fråvær som vi allereie no kjenner på. På andre område sitt saksbehandlar aleine med heilt sentrale og komplekse fagområde i små stillingsbrøkar og saknar både fagleg leiing og høve til spesialisering innanfor sitt område. Det blir til dømes brukt mykje tid på utarbeiding av pålagde planar der ein gjerne kunne harmonisert og samarbeidd med andre kommunar.

Det er mi vurdering at vi ikkje lenger kan løyse dette frå område til område etter kvart som nye reformar kjem eller rekrutteringsutfordringar dukkar opp i einingane. Eit lappeteppe av samarbeid som både strekkjer seg sørover og nordover i Setesdal og i Agder har gjeve oss ein uoversiktleg styringsstruktur og utfordringar når vi skal sette kraft bak satsingar på tvers av sektorane. Eit aktuelt døme er oppvekstreforma. Vi har samarbeid med Valle og Bykle på PPT og barnevern, medan vi samarbeider med Evje og Hornnes kommune på fleire område innanfor helse og oppvekst, samt psykisk helse. Dette set oss i ein utfordrande situasjon når ambisjonen er å samarbeide interkommunalt for å skapa eit godt lag rundt det einskilde barnet. Det har over tid ikkje tent Bygland godt å stå i denne spagaten, og det har heller ikkje gjeve oss sterke fagmiljø i Bygland. Vi bør difor aktivt søke heilskapelege og forpliktande samarbeid med dei nabokommunane det er naturleg å samarbeide med. Vi må starte no for å møte utfordringane i framtida. Det må tenkjast radikalt nytt kring kva vi legg i potten og korleis vi byggjer opp samarbeida. Det er tida for strategiske vegval.

På same tid har Bygland eit stort potensial både som bu- og næringskommune. Gjennom å tenkje nytt rundt tenestene våre kan vi forhåpentlegvis også frigjere litt meir ressursar til å jobbe med å sikre oss den positive samfunnsutviklinga vi treng. Det er mykje positivt i emning. For første gong har næringslivet i Bygland organisert seg i eit eige lag, og det gjev både bedrifter og kommunen ein veldig god arena for utvikling og dialog. SKILD, som driv med vassreinsing opplever stor suksess med produkta sine og fleire andre spennande bedrifter er i etablering eller vekst.

Klarar vi å støtte opp under den positive utviklinga på ein god måte, og samstundes ta dei naudsynte grepa for å sikre gode tenester også i framtida, vil det bidra til å skapa det gode livet rundt Byglandsfjorden.

John S. Sigridnes
Kommunedirektør





INNHALD


Årsberetning.....	5
1.1 Økonomisk oversikt etter art – drift	6
1.2 Bevillingsoversikt drift	9
1.3 Bevillingsoversikt drift, til fordeling	12
1.4 Bevillingsoversikt investering	24
1.5 Bevillingsoversikt investering, til fordeling	25
1.6 Balanserekneskap	27
1.7 KOSTRA: Finansielle nøkkeltal, analyse og prognose	30
1.8 Det kommunale næringsfond	32
1.9 Organisering, likestilling og personale	34
1.10 Interkommunale samarbeid	36
1.11 Etisk standard og kontroll	38
1.12 Befolkningsutvikling	39
1.13 KOSTRA: Andre nøkkeltal	40





ÅRSBERETNING – DEL 1

Denne delen av årsberetninga er utarbeida i tråd med § 14-7 i kommunelova, og gir ein kort presentasjon av kommunen sine økonomiske nøkkeltal for 2022 og ei analyse av kommunen si finansielle stilling ved årsskiftet. I delkapittel 1.1 vert mellom anna kommunen sitt rekneskapsmessige resultat kommentert. Delkapittel 1.2 til 1.5 tek sikte på å kommentere og grunngje dei mest vesentlege budsjettavvika i drifts- og investeringsrekneskapen, medan 1.6 tek for seg kommunen sine eigendeler, eigenkapital og gjeld. For innhald elles, viser ein til innhaldslista ovanfor.



**1.1 Økonomisk oversikt etter art – drift**

	Note	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2021
1 Rammetilskot		-67 632 714	-66 831 000	-65 052 000	-65 562 497
2 Inntekts- og formuesskatt		-32 873 045	-31 505 000	-28 729 000	-31 045 525
3 Eigedomsskatt		-9 607 966	-9 620 000	-10 674 000	-10 658 023
4 Andre skatteinntekter		-6 972 257	-7 200 000	-7 200 000	-6 998 176
5 Andre overføringer og tilskot frå staten		-4 282 238	-3 850 000	-400 000	-1 937 479
6 Overføringer og tilskot frå andre		-43 006 981	-26 718 000	-19 316 000	-24 828 887
7 Brukarbetalingar		-5 034 182	-5 350 000	-5 350 000	-5 862 290
8 Sals- og leigeinntekter		-15 128 902	-14 290 250	-14 290 250	-15 080 410
9 Sum driftsinntekter		-184 538 286	-165 364 250	-151 011 250	-161 973 286
10 Lønnsutgifter		87 341 316	82 892 600	81 586 600	82 588 416
11 Sosiale utgifter		19 842 415	21 367 300	19 037 300	19 227 694
12 Kjøp av varer og tenester		53 668 812	51 290 910	43 751 910	45 097 996
13 Overføringer og tilskot til andre		20 141 312	11 526 420	9 937 420	10 406 483
14 Avskrivningar	4	9 343 888	9 500 000	9 500 000	9 194 121
15 Sum driftsutgifter		190 337 742	176 577 230	163 813 230	166 514 710
16 Brutto driftsresultat		5 799 456	11 212 980	12 801 980	4 541 424
17 Renteinntekter		-1 485 274	-1 300 000	-1 000 000	-590 608
18 Utbytte		-8 386 931	-8 320 000	-3 800 000	-3 893 659
19 Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar		0	0	0	0
20 Renteutgifter		3 436 311	3 500 000	3 000 000	1 505 523
21 Avdrag på lån	7	7 262 886	7 240 000	6 190 000	5 927 524
22 Netto finansutgifter		826 992	1 120 000	4 390 000	2 948 780
23 Motpost avskrivningar		-9 343 888	-9 500 000	-9 500 000	-9 194 121
24 Netto driftsresultat		-2 717 440	2 832 980	7 691 980	-1 703 917
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
25 Overføring til investering		1 000 000	1 000 000	0	0
26 Avsetningar til bundne driftsfond	10	4 495 931	3 400 000	3 400 000	4 311 879
27 Bruk av bundne driftsfond	10	-5 868 576	-5 855 980	-5 855 980	-4 424 181
28 Avsetningar til disposisjonsfond		3 090 084	1 200 000	0	2 936 798
29 Bruk av disposisjonsfond		0	-2 577 000	-5 236 000	-1 120 578
30 Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		2 717 440	-2 832 980	-7 691 980	1 703 917
32 Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0



Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er det same som rekneskapsmessig mindreforbruk før disponeringar av både ubundne og bundne fond. Netto driftsresultat er kr 2.717.440, tilsvarande 1,5 % av brutto driftsinntekter. Statleg tilråding er at dette talet burde vere kr 3.218.113, tilsvarande 1,75 %, som vil seie at kommunen ligger under anbefalt nivå i 2022.

Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3.500.060, før strykningar. Dette vert å rekne som det rekneskapsmessige resultatet til kommunen. Mindreforbruk etter strykningar svarar til 923.060. Dette talet kjem fram etter det er gjennomført strykningar jf. § 4-3 i økonomiforskrifta til kommunelova, som lyder som følger:

Hvis driftsregnskapet viser et mindreforbruk etter at disposisjonene i § 4-1 er gjennomført, skal mindreforbruket reduseres så mye som mulig ved å stryke bruk av disposisjonsfond.

Hvis regnskapet fortsatt viser et mindreforbruk etter strykningene, skal mindreforbruket dekke inn eventuelle tidligere års merforbruk. Et mindreforbruk som ikke dekker inn et merforbruk skal avsettes til disposisjonsfond.

Første avsnitt betyr at budsjettert bruk av disposisjonsfond, også øyremerka disposisjonsfond, skal strykast. I 2022 ville kommunen lagt opp til bruk av dei øyremerka disposisjonsfonda flyktingefond, bygdebokfond og einingsfond Bygland oppvekstsenter på totalt kr 2.577.000, viss mindreforbruket hadde blitt som budsjettert (kr 0). I staden viste det seg at mindreforbruk før strykningar var på kr 3.500.060. Då følgjer det av første avsnitt i § 4-3 (ovanfor) at «mindreforbruket [skal] reduseres så mye som mulig ved å stryke bruk av disposisjonsfond». Dette inneberer at budsjettert bruk av flyktingefond, bygdebokfond og einingsfond Bygland oppvekstsenter på totalt kr 2.577.000 vert stroke, som igjen inneberer at mindreforbruket etter strykningar vert kr 923.060 (kr 3.500.060 trekt frå kr 2.577.000).

Avsetning til disposisjonsfond vart på totalt kr 3.090.084. Dette består av avsetning til flyktingefond for Ukraina-flyktingane på kr 2.116.224, avsetning til einingsfond Bygland oppvekstsenter (til vaksenopplæring for Ukraina-flyktingane) på kr 50.800, og avsetninga av mindreforbruket etter strykningar på kr 923.060. Etter dette har ein gjort interne justeringar mellom dei ulike disposisjonsfonda slik at saldo for fonda samsvarar med kva som er reelt til overs etter kostnadane som har vore på desse områda i 2022.

Økonomiske konsekvensar av covid-19-pandemien

Covid-19-pandemien førte til særst låge renter i 2021, i tillegg til at kurs- og reisekostnadar vart om lag kr 415.000 lågare enn budsjettert pga. restriksjonar i løpet av året, samt større tilgang på digitale kurs og møter. Dette har normalisert seg i 2022. Renta er stigande, og etter samfunnet opna har både kurs- og reisekostnadane gått betydeleg opp, men altså til eit meir normalt nivå enn i 2021.

Til gjengjeld er det blitt ekstrautgifter som følgje av pandemien på totalt kr 977.000. I første halvår 2022 var det store ekstrautgifter knytte til korttidsfråvær, grunna opning av samfunnet og stor smittespreiing. Det er alltid ein viss usikkerheit knytt til om ein har fått registrert alle ekstrakostnadar, men ein vurderer uansett at den totale covid-19-kompensasjonen på kr 1,02 mill. som kommunen har fått gjennom rammetilskotet, er tilstrekkeleg til å dekkje kommunen sine covid-19-relaterte ekstrautgifter i 2022.

Økonomiske konsekvensar av auke i straumprisen

Kommunen fekk utbetalt om lag 6 mill. ekstra i konsesjonskraftinntekter i løpet av året grunna den store auka i straumprisen i løpet av 2022. Dette svarar og til auka i desse inntektene frå 2021 til 2022. På den annan side så gjekk eigedomsskatteinntektene ned nesten 1 mill., og kommunen sine energikostnadar auka frå 4,2 til 6,9 mill. frå 2021 til 2022, ei auke på 64 %. Dette viser likevel at kommunen sin straumavtale gjennom OFA er veldig gunstig, sidan gjennomsnittleg straumpris for 2022 var 279 % høgare enn i 2021.



Generelt høg kostnadsauke

Lønsveksten auka i løpet av året frå 3,2 til 3,84 %, som gjer at fastløn med sosiale utgifter auka med godt og vel 3 mill. frå 2021 til 2022. Renta har stige betydeleg, som gjer at rentekostnadane har auka med nesten 2 mill. Som nemnt så har energikostnadane auka med nesten 3 mill., medan kostnadar til mat har auka med 0,25 mill. (som svarar til ei auke på nesten 20 %) for å nemne noko.

Utover dette viser ein til dei kommentarane som er gjort under rekneskapskjema:

- § 5-4, 1 Bevillingsoversikt drift, delkapittel 1.2
- § 5.4, 2 Bevillingsoversikt drift, til fordeling (budsjettområder), delkapittel 1.3
- § 5-5, 1 Bevillingsoversikt investering, delkapittel 1.4
- § 5-5, 2 Bevillingsoversikt investering, til fordeling (investeringsprosjekt), delkapittel 1.5
- § 5-6, Økonomisk oversikt drift, delkapittel 1.1
- § 5-8, Balanserekneskapen, delkapittel 1.6

Paragrafane viser til økonomiforskrifta til kommunelova.





1.2 Bevilgningsoversikt drift

	Note	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2021
1 Rammetilskot		-67 632 714	-66 831 000	-65 052 000	-65 562 497
2 Inntekts- og formuesskatt		-32 873 045	-31 505 000	-28 729 000	-31 045 525
3 Eigedomsskatt		-9 607 966	-9 620 000	-10 674 000	-10 658 023
4 Andre generelle driftsinntekter		-7 206 545	-7 450 000	-7 450 000	-7 216 655
5 Sum generelle driftsinntekter		-117 320 270	-115 406 000	-111 905 000	-114 482 700
6 Sum bevilgningar drift, netto		113 787 350	117 118 980	115 206 980	109 853 791
7 Avskrivningar	4	9 343 888	9 500 000	9 500 000	9 194 121
8 Sum netto driftsutgifter		123 777 338	126 618 980	124 706 980	119 047 911
9 Brutto driftsresultat		5 799 456	11 212 980	12 801 980	4 565 212
10 Renteinntekter		-1 485 274	-1 300 000	-1 000 000	-590 608
11 Utbytte		-8 386 931	-8 320 000	-3 800 000	-3 893 659
12 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar		0	0	0	0
13 Renteutgifter		3 424 799	3 500 000	3 000 000	1 481 735
14 Avdrag på lån	7	7 262 886	7 240 000	6 190 000	5 927 524
15 Netto finansutgifter		815 480	1 120 000	4 390 000	2 924 992
16 Motpost avskrivningar		-9 343 888	-9 500 000	-9 500 000	-9 194 121
17 Netto driftsresultat		-2 717 440	2 832 980	7 691 980	-1 703 917
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
18 Overføring til investering		1 000 000	1 000 000	0	0
19 Avsetningar til bundne driftsfond	10	4 495 931	3 400 000	3 400 000	4 311 879
20 Bruk av bundne driftsfond	10	-5 868 576	-5 855 980	-5 855 980	-4 424 181
21 Avsetningar til disposisjonsfond		3 090 084	1 200 000	0	2 936 798
22 Bruk av disposisjonsfond		0	-2 577 000	-5 236 000	-1 120 578
23 Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0
24 Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat		2 717 440	-2 832 980	-7 691 980	1 703 917
25 Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0

**Generelle (frie) driftsinntekter**

For å vise dette er dei ulike inntektene ført opp med budsjett for 2022 og rekneskapstal for 2022 og 2021.

	Note	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphaveleg budsjett	Rekneskap 2021
1 Rammetilskot		-67 632 714	-66 831 000	-65 052 000	-65 562 497
2 Inntekts- og formuesskatt		-32 873 045	-31 505 000	-28 729 000	-31 045 525
3 Eigedomsskatt		-9 607 966	-9 620 000	-10 674 000	-10 658 023
4 Andre generelle driftsinntekter		-7 206 545	-7 450 000	-7 450 000	-7 216 655
5 Sum generelle driftsinntekter		-117 320 270	-115 406 000	-111 905 000	-114 482 700

Summen av frie inntekter er budsjettert med kr 115.406.000. Rekneskapen viser at disse inntektene vart kr 117.420.270, altså 1,66 % meir enn budsjettert og 2,48 % meir enn i 2021. Kommunen bruker KS sin prognosemodell som beste estimat for rammetilskot og inntekts- og formuesskatten. Siste estimering vert gjort i oktober og viss det skjer store endringar i premissa for modellen den siste perioden av året, for eksempel ved at skatteveksten tar seg betydeleg opp samanlikna med tidlegare i året, kan det bli relativt store budsjettavvik. 2022 vart eit slikt år, og difor er inntekts- og formuesskatten nesten 1,4 mill. høgare enn budsjettert, medan rammetilskotet er om lag 0,8 mill. høgare enn budsjettert.

Eigedomsskatten er i tråd med budsjett. Under «andre direkte eller indirekte skattar» inngår konsesjonsavgiftene, som i sin heilskap vert sett av til næringsfondet, og naturressursskatten, som er ein del av inntektsutjamninga saman med dei ordinære skatteinntektene. Desse inntektene vart litt lågare enn dei budsjetterte tala. Totalt sett så kan ein slå fast at generelle driftsinntekter vart nesten 2 mill. høgare enn budsjettert, og at dette er ein stor årsak til kommunen sitt mindreforbruk.

Finansinntekter/ -utgifter

	Note	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphaveleg budsjett	Rekneskap 2021
10 Renteinntekter		-1 485 274	-1 300 000	-1 000 000	-590 608
11 Utbytte		-8 386 931	-8 320 000	-3 800 000	-3 893 659
12 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar		0	0	0	0
13 Renteutgifter		3 424 799	3 500 000	3 000 000	1 481 735
14 Avdrag på lån	7	7 262 886	7 240 000	6 190 000	5 927 524
15 Netto finansutgifter		815 480	1 120 000	4 390 000	2 924 992

Netto finansutgifter (positivt forteikn i tabellen over indikerer utgift) vart på 72,81 % av dei budsjetterte tala. Renteinntektene vart dryge 14 %, nesten kr 200.000, høgare enn budsjettert og er den største årsaka til budsjettavviket på netto finansutgifter. Dette skuldast «forsiktig» budsjettering og det faktum at 2022 var eit år som var finansielt vanskeleg å predikere. Utbytter inkluderer utbytte frå Å Energi (om lag 3,6 mill.) og Setesdal Bilruter (snaue kr 0,3 mill.) i 2021 medan i 2022 inkluderer det berre Å Energi sidan Setesdal Bilruter ikkje betalte ut utbytte. Ein gjer merksam på at den betydelege auka i utbytte frå Å Energi, frå 3,6 mill. til 8,4 mill., er hovudårsaken til at kommunen sine netto finansutgifter har blitt redusert med dryge 2 mill. Ein gjer merksam på at utbytte frå Å Energi vert auka betydeleg i løpet av året, fordi det vart vedteke å take inn gevinst ved sal av eit selskap i utbyttegrunnlaget. Hadde det ikkje vore for dette, hadde kommunen sitt netto driftsresultat vore negativt. Det er og verdt å merke seg at netto renteutgifter har auka med litt over 1 mill., kor renteutgiftene har auka med 231 %, medan renteinntektene har auka med 251 %. At renteutgiftene har auka mindre har samanheng med at kommunen har redusert si langsiktige gjeld med om lag 5 mill.

**Disponering av netto driftsresultat**

	Note	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelig budsjett	Rekneskap 2021
18 Overføring til investering		1 000 000	1 000 000	0	0
19 Avsetningar til bundne driftsfond	10	4 495 931	3 400 000	3 400 000	4 311 879
20 Bruk av bundne driftsfond	10	-5 868 576	-5 855 980	-5 855 980	-4 424 181
21 Avsetningar til disposisjonsfond		3 090 084	1 200 000	0	2 936 798
22 Bruk av disposisjonsfond		0	-2 577 000	-5 236 000	-1 120 578
23 Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0

Negativt beløp i tabellen indikerer netto bruk av fond, medan positivt beløp er lik avsetning til fond. Budsjettavviket på avsetning til disposisjonsfond skuldast primært mindreforbruk etter strykningar på 0,9 mill., samt ei avsetning av ubudsjettert integreringstilskot til flyktningefondet. Bruk av disposisjonsfond er 0 grunna strykningsbestemmingane. Overføring til investering på 1 mill. gjeld likviditetslån som vert ført i investering. Dette er ein ekstraordinær kostnad i 2022, og ein reknar og med at lånet vert betalt tilbake i løpet av inntil fem år.

Bruk av bundne fond var på nesten 5,9 mill., som er i samsvar med budsjett. Dette gjeld primært bruk av næringsfond (4 mill.), bruk av sjølvkostfond (nesten 0,7 mill.) og bruk av øyremerka covid-19-tilskot sett av året før (0,55 mill.). Resten er diverse øyremerka midlar som er bruka i samsvar med formåla. Kommunen hadde ein del inntekter i form av øyremerka tilskot i 2021, som ikkje vart brukt opp, og som difor vart sett av til bundne fond. Når det gjeld avsetning til bundne fond har ein berre budsjettert med avsetning til næringsfond på 3,4 mill. Denne avsetninga vart litt høgare enn budsjettert (3,7 mill.) og i tillegg så vart det sett av nesten 0,55 mill. til Vassdragsstyre for øvre Otra sitt fond, som ikkje var budsjettert for. Dette er øyremerka midlar som er planlagt brukt i 2023.



1.3 Bevillingsoversikt drift, til fordeling

Tabellen under viser rekneskap og budsjett per driftseining (budsjettområde).

	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelig budsjett	Rekneskap 2021
Bevilling drift, netto budsjettområde 10 Politisk styring og kontroll	2 124 028	2 060 000	1 897 000	1 882 101
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 10 Politisk styring og kontroll	2 124 028	2 060 000	1 897 000	1 882 101
Bevilling drift, netto budsjettområde 20 Stab og fellesutgifter	14 730 073	14 760 000	14 023 000	14 000 041
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-26 943	-50 000	-50 000	3 416
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 20 Stab og fellesutgifter	14 703 130	14 710 000	13 973 000	14 003 458
Bevilling drift, netto budsjettområde 201 Kultur	1 893 261	2 165 000	2 165 000	1 573 460
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	11 358			18 829
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond		-500 000	-500 000	-109 433
Sum budsjettområde 201 Kultur	1 904 619	1 665 000	1 665 000	1 482 857
Bevilling drift, netto budsjettområde 300 Bygland oppvekstsenter	20 154 794	19 683 000	18 276 000	17 957 435
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-160 288			52 958
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	50 800	-576 000	-576 000	-787 584
Sum budsjettområde 300 Bygland oppvekstsenter	20 045 306	19 107 000	17 700 000	17 222 809
Bevilling drift, netto budsjettområde 302 Byglandsfjord oppvekstsenter	11 536 948	11 687 000	11 547 000	11 612 457
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-29 839			12 533
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 302 Byglandsfjord oppvekstsenter	11 507 109	11 687 000	11 547 000	11 624 990
Bevilling drift, netto budsjettområde 31 Helse	6 794 752	8 000 000	10 634 000	8 355 839
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-207 235			51 020
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	2 116 224	-301 000	-1 501 000	-223 561
Sum budsjettområde 31 Helse	8 703 741	7 699 000	9 133 000	8 183 297
Bevilling drift, netto budsjettområde 33 Pleie og omsorg	35 937 433	35 805 000	33 470 000	34 620 961
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	29 490			3 155
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 33 Pleie og omsorg	35 966 923	35 805 000	33 470 000	34 624 116



Bevilling drift, netto budsjettområde 35 Drift og forvaltning	17 688 480	17 837 000	15 920 000	15 601 622
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	47 604	-25 000	-25 000	-22 556
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 35 Drift og forvaltning ekskl. VARF	17 716 085	17 812 000	15 895 000	15 579 066
Bevilling drift, netto budsjettområde 40 VARF	2 735 793	2 197 980	3 280 980	1 553 267
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-544 250	-950 980	-950 980	-96 052
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 40 VARF (vatn, avlaup, renovasjon, feiing)	2 191 543	1 247 000	2 330 000	1 457 215
Bevilling drift, netto budsjettområde 41 Store prosjekt	2 901 629	2 800 000	925 000	1 630 175
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-139 420			-239 508
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 41 Store prosjekt	2 762 209	2 800 000	925 000	1 390 667
Bevilling drift, netto budsjettområde 80 Eksterne samarbeid	16 674 300	18 237 000	16 597 000	16 090 955
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	545 560	-300 000	-300 000	13 408
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 80 Eksterne samarbeid	17 219 860	17 937 000	16 297 000	16 104 363
Bevilling drift, netto budsjettområde 90 Andre sentrale innt. og kostn.	-19 364 140	-18 113 000	-13 528 000	-15 024 524
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-548 000	-490 000	-490 000	-17 000
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 90 Andre sentrale inntekter og kostnader	-19 912 140	-18 603 000	-14 018 000	-15 041 524
Sum bevillingar drift netto	113 787 351	117 118 980	115 206 980	109 853 791
Sum overføring til investering	0	0	0	0
Sum netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-1 021 962	-1 815 980	-1 815 980	-219 798
Sum netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	2 167 024	-1 377 000	-2 577 000	-1 120 578
Sum budsjettområda	114 932 413	113 926 000	110 814 000	108 513 414

Overordna kommentar

Oversikta over er tatt frå avstemmingssystemet som vert nytta i samband med avslutning av rekneskapen og viser avvik mellom budsjett og rekneskap per eining.

Einingane har samla sett eit forbruk på 100,88 % av budsjett. Ein har treft godt med budsjettet på dei fleste einingane, men einingane med dei største overforbruka har blitt «offer» for bestemmingane i § 4-3 i økonomiforskrifta til kommunelova, som seier bruk av disposisjonsfond, også øyremerka einingsfond, skal strykast viss kommunen har eit mindreforbruk. Denne strykninga er på totalt 2,4 mill. (avrunda), og får ein negativ effekt på forbruket på einingane Helse (1,3 mill. i bruk av flyktningefondet vert stroke), Bygland oppvekstsenter (0,7 mill. i bruk av einingsfond vert stroke) og Kultur (0,4 mill. i bruk av



bygdebokfondet vert stroke). Alle desse einingane har difor relativt store overforbruk. Ein gjer også merksam på at nokre av einingane sine budsjett har blitt betydeleg justert i løpet av året, både oppover og nedover. Kommenterar til dei enkelte einingane følgjer i dei neste avsnitta.

Politisk styring og kontroll

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2022:

	Forbruk 2022	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2021
Bevilling drift, netto eining 10 Politisk styring og kontroll	103,11 %	2 124 028	2 060 000	1 897 000	1 882 101
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond					
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum eining 10 Politisk styring og kontroll	103,11 %	2 124 028	2 060 000	1 897 000	1 882 101

Kommentar:

Det ligg inne ein del ekstraordinære kostnader på eininga i 2022, som gjer at total kostnadsauke for eininga frå 2021 til 2022 er på 12,8 %. Dette gjeld mellom anna økonomisk støtte til Ukraina, turen til Danmark og tilskot til Vonheim bedehus. Det er primært førstnemnte som ein ikkje fekk med i regulert budsjett, og som gjer at det vert ei overskriding på godt og vel kr 60.000.

Stab og fellesutgifter

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2022:

	Forbruk 2022	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2021
Bevilling drift, netto eining 20 Stab og fellesutgifter	99,80 %	14 730 073	14 760 000	14 023 000	14 000 041
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	53,89 %	-26 943	-50 000	-50 000	3 416
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum eining 20 Stab og fellesutgifter	99,95 %	14 703 130	14 710 000	13 973 000	14 003 458

Kommentar:

Eininga inkluderer mellom anna kommunedirektøren sin stab, beredskap, fellesutgifter, stabseininga Samfunnsutvikling, pedagogisk rådgjevar, tilskot til kyrkjeleg fellesråd, frivilligsentral, hovudtillitsvalt og hovudverneombod.

Auka frå 2021 til 2022 er på 5 %. Løn har berre auka med knappe 1 %, så det er andre utgifter som er hovudårsaka til auka. Det har vore ein del ekstraordinære kostnader i 2022 som ein ikkje tek med seg vidare til 2023, blant anna oppgradering av diverse programvare, tilskot til Syrtveit næringsområde og ekstraløyving til kyrkjeleg fellesråd. Totalt utgjorde desse kostnadane om lag kr 0,5 mill. Dette er uansett kostnader som er varsla om, og budsjettert for, og som ein ser av tabellen ovanfor, har eininga treft godt med budsjettet. I tillegg så låg det i budsjettet at det skulle brukast kr 150.000 (netto) til ei ekstern gjennomgang av eininga Pleie og omsorg. Dette har ikkje blitt gjort, men det har i staden blitt gjennomført ei ekstern kartlegging av eininga Drift og forvaltning.

**Kultur****Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2022 (før strykningar):**

	Forbruk 2022	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2021
Bevilling drift, netto eining 201 Kultur	87,45 %	1 893 261	2 165 000	2 165 000	1 573 460
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		11 358			18 829
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	77,25 %	-386 245	-500 000	-500 000	-109 433
Sum eining 201 Kultur	91,19 %	1 518 375	1 665 000	1 665 000	1 482 857

Kommentar:

Eininga inkluderer ansvarsområda ungdomsklubben, kultur, ungdomsrådet, bygdebok (som vert saldert av fond) og bibliotek. Eininga har eit mindreforbruk på 8.81 % før strykningar. Dette skuldast primært god utnytting av personalressursane, og at andre driftskostnader vart litt lågare enn budsjettert til dømes reisekostnader. Ungdomsrådet brukte også mindre enn budsjettert. Covid-19-restriksjonar har og bidrege til at den generelle aktiviteten har vore lågare enn normalt, som igjen har resultert i lågare kostnader, spesielt med omsyn til løyving av tilskot knytt til kulturmidlar.

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2022 (etter strykningar):

	Forbruk 2022	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2021
Bevilling drift, netto eining 201 Kultur	87,45 %	1 893 261	2 165 000	2 165 000	1 573 460
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		11 358			18 829
Bruk av disposisjonsfond (strykast)	0 %	-386 245	-500 000	-500 000	-109 433
Sum eining 201 Kultur	114,39 %	1 904 619	1 665 000	1 665 000	1 482 857

Kommentar:

Eininga har ikkje styrt etter desse tala gjennom året, og dei vert difor ikkje kommentert. Ein viser elles til den overordna kommentaren om strykningsbestemminga i innleiinga til delkapittel 1.3.

Bygland og Byglandsfjord oppvekstsenter**Kommentar for begge oppvekstsentra:**

Bygland og Byglandsfjord oppvekstsenter sett under eitt, er i tilnærma samsvar med regulert budsjett, med eit forbruk på 100,14 % før strykningar. Det er lønnskostnader og energikostnader som utgjer dei største utgiftene til dei to einingane. Samla lønnsutgifter ligg på 99,29 % av regulert budsjett. Når det gjeld energikostnader, har oppvekstsentra, samla sett, eit meirforbruk på 17,43% over regulert budsjett. Inntektene frå brukarbetalingar samsvarer med budsjett.

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2022 – Bygland oppvekstsenter (før strykningar):

	Forbruk 2022	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2021
Bevilling drift, netto eining 300 Bygland oppvekstsenter	102,66 %	20 205 594	19 683 000	18 276 000	17 957 435
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		-160 288			52 958
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	123,92 %	-713 781	-576 000	-576 000	-787 584
Sum eining 300 Bygland oppvekstsenter	101,18 %	19 331 525	19 107 000	17 700 000	17 222 809

**Kommentar:**

Eininga Bygland oppvekstsenter, som inkluderer skule 1.-10. trinn, SFO og barnehage, har eit meirforbruk på 1,18 % frå regulert budsjetttramme. I tillegg har budsjetttramme blitt justert opp med kr 1 407 000 i løpet av året. I løpet av året har ein auka bemanning for å følgje opp elevar med særskilde behov, jf. 1. og 2. tertialrapport. Ein omfattande bygningsmasse gir høge energikostnader. Ei vesentleg budsjettoverskriding er knytt til energiutgifter, og særleg fjernvarme. Fjernvarmeavtalen til oppvekstsenteret følgjer spotpris på straum, noko som har gitt store kostnadmessige konsekvensar. Denne avtala vert revidert frå og med 2023, med sikte på å få til en avtale som er meir økonomisk fordelaktig for kommunen. Budsjettposten for fjernvarme blei auka med kr 550 000 ved budsjettjustering, men resulterte likevel i eit meirforbruk på 31,22 %.

Endringa frå 2021 til 2022 syner ei kostnadsauke i eininga. Dette skuldast både auka energikostnader, men også ei auke i bemanninga for å følgje lovkrav knytte til elevar og barn med særskilde behov.

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2022 – Bygland oppvekstsenter (etter strykningar):

	Forbruk 2022	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphøveleg budsjett	Rekneskap 2021
Bevilling drift, netto eining 300 Bygland oppvekstsenter	102,66 %	20 205 594	19 683 000	18 276 000	17 957 435
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		-160 288			52 958
Avsetning til disposisjonsfond		50 800			
Bruk av disposisjonsfond (strykast)	0 %	-713 781	-576 000	-576 000	-787 584
Sum eining 300 Bygland oppvekstsenter	104,91 %	20 045 306	19 107 000	17 700 000	17 222 809

Kommentar:

Eininga har ikkje styrt etter desse tala gjennom året, og dei vert difor ikkje kommentert. Ein viser elles til den overordna kommentaren om strykingsbestemminga i innleiinga til delkapittel 1.3.

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2022 – Byglandsfjord oppvekstsenter

	Forbruk 2022	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphøveleg budsjett	Rekneskap 2021
Bevilling drift, netto eining 302 Byglandsfjord oppveksts.	98,72 %	11 536 948	11 687 000	11 547 000	11 612 457
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		-29 839			12 533
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum eining 302 Byglandsfjord oppvekstsenter	98,46 %	11 507 109	11 687 000	11 547 000	11 624 990

Kommentar:

Eininga Byglandsfjord oppvekstsenter, som inkluderer skule 1.-7. trinn, SFO og barnehage, hadde eit mindreforbruk på 1,54 % i høve til regulert budsjett. Budsjetttramme blei i tillegg justert ned med kr 200.000 i 3. budsjettjustering. Dette har fleire årsaker.

Effektiv nytte av bemanningsressursar gjer at ein ikkje har erstatta alt av sjukefråvær og permisjonar fullt ut. I tillegg har endringar og vakansar i administrasjonen ført til lågare lønnskostnader. Eininga har helde seg innan budsjett på energikostnader.

Budsjetttramme er justert ned frå 2021 til 2022 grunna lågare elevtal og organisering som tillét noko lågare bemanning.

**Helse****Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2022 (før strykningar):**

	Forbruk 2022	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2021
Bevilling drift, netto eining 31 Helse	92,38 %	7 390 052	8 000 000	10 634 000	8 355 839
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		-207 235			51 020
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-52,84 %	159 038	-301 000	-1 501 000	-223 561
Sum eining 31 Helse	95,36 %	7 341 855	7 699 000	9 133 000	8 183 297

Kommentar:

Eininga har og i 2022 arbeidd med å halde budsjetttramma, og resultatet blei eit mindreforbruk på kr 357 145, tilsvarande 5 %, etter revidert budsjett (før strykningar). Mindreforbruket skuldast høgt sjukemeldt lagtidsfråvær og vanskar med å få inn vikarar. Det har vore lite korttidsfråvær. Tenesteleiar har utført nokre av oppdraga der denne har hatt kompetanse. Men sjukefråvær har resultert i dårlegare tilbod til brukarane av tenesta og høg arbeidsbelastning på tilsette. Det er nytta mellomvaktar midt på dagen i staden for dag og kveldsvakter en del dagar og bruk av en del overtid. Dagtilbod har og vore stengt andre halvår. Det har og vore vanskar med å få tak i støttekontaktar og avlastning og budsjettet blei utarbeida på bakgrunn av vedtak om tenester.

I tillegg så har det ikkje vore mogleg å få tilsett psykolog i stillinga tross fleire utlysingar, slik at ein del av midlane som var avsett til dette i 2022 er ubruka. Det er blitt leigd inn privat psykolog til behandling der det har vore mogeleg å kjøpe tenesta.

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2022 (etter strykningar):

	Forbruk 2022	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2021
Bevilling drift, netto eining 31 Helse	92,38 %	7 390 052	8 000 000	10 634 000	8 355 839
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		-207 235			51 020
Avsetningar til disposisjonsfond	-52,84 %	159 038	-301 000	-1 501 000	-223 561
Bruk av disposisjonsfond (strykast)		-1 361 886			
Sum eining 31 Helse	113,05 %	8 703 855	7 699 000	9 133 000	8 183 297

Kommentar:

Eininga har ikkje styrt etter desse tala gjennom året, og dei vert difor ikkje kommentert. Ein viser elles til den overordna kommentaren om strykningsbestemminga i innleiinga til delkapittel 1.3.

Pleie og omsorg**Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2022:**

	Forbruk 2022	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2021
Bevilling drift, netto eining 33 Pleie og omsorg	100,37 %	35 937 433	35 805 000	33 470 000	34 620 961
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		29 490			3 155
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					



Sum eining 33 Pleie og omsorg 100,45 % 35 966 923 35 805 000 33 470 000 34 624 116

Kommentar:

Eininga, som inkluderer Byglandsheimen, open omsorg og habilitering hadde samla sett eit overforbruk på kr. 161.923,-

Årsakene til overforbruket er ikkje eintydige.

Noko skuldast generell kostnadsauke på medisinsk, og generelt forbruksmateriell. Kostnadane til dette vil og naturleg variere ut frå antal brukarar og behova deira.

Vi har hatt ein del reoperasjonar på dei gamle leasingbilane til heimesjukepleien i løpet av året. Vi bytta ut desse med moderne el-bilar i okt/sept.

Eininga har hatt eit betydeleg sjukefråver i løpet av året. Avdelingane Byglandsheimen og Open omsorg har hatt hhv. 17,24 % og 15,10% sjukefråver i 2022.

Til tross for høgt sjukefråver er lønskostnadane, med fråtrekk av refusjonar frå NAV stat, på 99% av budsjetterte kostnader. Årsaken til dette er mellom anna at ein har prioritert oppgåver, og utnytta dei administrative ressursane på ein effektiv måte.

Drift og forvaltning**Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2022:**

	Forbruk 2022	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelig budsjett	Rekneskap 2021
Bevilling drift, netto eining 35 Drift og forvaltning	99,07 %	17 670 321	17 837 000	15 920 000	15 601 622
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-190,42 %	47 604	-25 000	-25 000	-22 556
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum eining 35 Drift og forvaltning	99,47 %	17 717 925	17 812 000	15 895 000	15 579 066

Kommentar:

Forbruket balanserer i høve gjeven budsjetttramme. Fleire uforutsette hendingar har oppstått både i positiv og negativ retning i høve utgangspunktet for budsjetttramma. Av dei største avvika i negativ retning nemnast:

- ❑ Reoperasjon / service på ventilasjonsanlegg i Symjehallen
- ❑ Reoperasjon av stikkrenne på vegen gjennom Åraksbø
- ❑ Reoperasjon av Bjoren bryggje på Byglandsfjord før seilesesongen
- ❑ Reoperasjon av varmforsyninga på bad i Tvitun.
- ❑ Tette overvassrøyr ved Hampetjønn
- ❑ Nødvendige utbetringar på kommunale vegar.

I det store å heile har det vori eit år der me har blitt sparde for dei store ekstraordinære situasjonane. Dette blir m a tileigna forutsjåande og dyktige tilsette som greier å drifte og vedlikehalde anlegga kommunen har på ein god måte så langt dei økonomiske rammene strekk til. Den totale eigedomsmassen og oppgåveløysinga i hendingar til lovkrav og nødvendig tidsbruk er likevel definert som utfordrande. Me akkumulerer drifts – og vedlikehaldskostnadar inn i framtida. Særleg på bygningsmassen, men også innaføre veganlegga våre.

Straumkostnadane var forventa høge og gjennom tertialrapporteringa har budsjettet blitt tilført høgare rammer. Sluttresultatet blei kr 282 047 under løyvd budsjett. Stor variasjon i straumprisar gjennom døgn utfordrar budsjettering på området, men 2022 har også vori eit år der me har arbeidd med å gjere straumbesparande tiltak på mange nivå. Me siktar mot mindre straumbuk inn i framtida når me får iverksett ulike investeringar på ENØK prosjekta gjennom 2023.



Kostnadane til vintervedlikehaldet av kommunale vegar blei kr 408 291 meir enn budsjettert.

I 2022 blei eininga tilført ei ny interkommunal stilling som vassområdekoordinator. Stillinga er finansiert delvis finansiert av Agder fylkeskommune og samarbeidskommunane ifrå Kristiansand til Bykle. Dette er eit positivt tilskott til det grønne fagmiljøet eininga har.

Ei pensjonert fagarbeidarstilling er erstatta med ny fagarbeidar på uteseksjonen. Mannskapssituasjonen var / er elles stabil med lite sjukefråvær.

VARF (vatn, avløp/slam, renovasjon, feiing)

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2022:

	Forbruk 2022	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2021
Bevilling drift, netto eining 40 VARF	124,47 %	2 735 793	2 197 980	3 280 980	1 553 267
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	57,23 %	-544 250	-950 980	-950 980	-96 052
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum eining 40 VARF	175,75 %	2 191 543	1 247 000	2 330 000	1 457 215

Kommentar:

Samla har alle fem ansvarsområda eit overforbruk à kr 944 543. Dette skuldast i all hovudsak at ein ikkje fekk justert sjølvkostrenta då renta auka i løpet av året. Overskridinga kan uansett sjåast i samanheng med tilsvarande underforbruk på kapitalinntekter sjølvkost under eining 90.

Vassverk

Lønns -, drifts – og vedlikehaldskostnadane har eit underforbruk på kr 20 606 samanstillt med revidert budsjetttramme på kr 1 007 800,-. Det er vorten jobba ein del med UV – utfordringar på Åraksbø vassverk, noko UPS – teknologi på Bygland vassverk og PH – dosering på Ose vassverk. Vassverksdrifta har i det store og heile fungert bra.

Avløp

Lønns -, drifts og vedlikehaldskostnadane har eit overforbruk på kr 162 923,-. Det har vori ein noko uforutsett prisvekst på kjemikaliar som blir bruka i prosessen grunna vanskeleg tilgang frå leverandørar. For å sikre å ikkje gå tom, så har det også blitt bestilt meir enn vanleg grunna leveransevanskar forårsaka av situasjonen ute i verden. På Byglandsfjord RA måtte det også bytast ut ei blåsemaskin som havarerte grunna lang tids bruk. Det nye reinseanlegget på Nesmoen har gått veldig greitt, og reinsekrava for både anlegga er tilfredsstillande.

Innan vass – og avlaupssektoren er det p t god g stabil kompetanse. Ein vel likevel å kommentere at situasjonen er sårbar grunna åleinespesialistar. Dette kan utfordre ved ferieavviklingar og evt sjukdom. Her er og ei viss uro med tanke på tilgang på leveransar av spesifikt utstyr og materiell. Her opplevast lang leveringstid på drifts – og vedlikehaldselar. Som t d ulikt pumpemateriell. Det blir vurdert å bestille inn sentrale delar for å ha på lager. T d reservepumper og anna.

Slam (tømning av private avløpsanlegg)

2022 var hovudår for tømning av private septiktankar. Dette skjer annankvart år. Ansvarsområdet balanserte med eit underforbruk på kr 9 000,- i høve budsjett.

Felles for Vassverk, avlaup og slam:



Det blir elles vist til komande hovudplan for VA med tanke på moglegheiter og utfordringar innan VA - sektoren. M a kommunane sitt pålagde ansvar i høve å følgje opp utsleppsløyve til private anlegg som er gitt før år 2007 innan 2027. Her er ein dialog med nabokommunane om å få til eit felles prosjekt for dette kravet.

Renovasjon

Det var i 2022 kalkulert med ein fondsbruk på kr 685 400,- . Det reelle forbruket blei kr 503 721,- . Inntektene har balansert med budsjett. Overføringa til Setesdal miljø - og gjenvinning blei kr 124 651 mindre enn budsjettet. Over ein 5 års periode skal inntekter og utgifter balansere i 0. Det er avgjerande at me greier å bruke av opparbeida fond noko framover. Dette er positivt med tanke på abonnentane fordi auken i dei årlege gebyra vil bli relativt liten.

Feiing

Rekneskapstala syner eit overforbruk på kr 229 343,- i høve 0 budsjettet. Dette skuldast at feievesenet gjekk med stort underskot i både 2021 og 2022 og måtte etterfakturere dette til kommunane. Dette er og grunnen til at feiegebyret er auka så mykje som 37 % frå 2022 til 2023.

Store prosjekt

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2022:

	Forbruk 2022	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2021
Bevilling drift, netto eining 41 Store prosjekt	103,63 %	2 901 629	2 800 000	925 000	1 630 175
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		-139 420			-239 508
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum eining 41 Store prosjekt	98,65 %	2 762 209	2 800 000	925 000	1 390 667

Kommentar:

Eininga inneheld følgjande driftsprosjekt i 2022:

- Reguleringsplan Ose
- Flaumkartlegging
- Setesdal Vekst
- Sti- og løypeplan
- Reguleringsplan Byglandsfjord
- Gnist
- Gullutstilling
- Arrangement profilering av bleka
- Rundkøyning Bygland
- Andre prioritererte satsingar

Reguleringsplan Ose

Reguleringsplan for Ose bygdesenter har blitt revidert i høve innspel og motsegn som kom ved 1. gongs høyring og offentleg ettersyn. Det har vore dialog med mynde og med grunneigarar. Grunna større endringar i planforslaget, så vart planen lagt ut til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn i 2022. Arbeidet etter 1. gongs behandling er utført av administrasjonen. Det var eigentleg ikkje budsjettet med kostnadar til reguleringsplanen på Ose i 2022, men dei kostnadane som har vore, har vore knytt til kvalitetsheving av skredrapport og lønsmidlar knytt til eigeninnsats kommunen har hatt på reguleringsplanen.

Ras- og flaumsikringsprosjektet



Norconsult blei engasjert til å gjere nødvendige berekningar. Budsjettramma var sett til kr 440 000,- . Den totale kostnaden blei kr 345 000,-. På grunnlag av arbeidet vedtok kommunestyret vedtok den 9.02.2023 nye flaumsoner og byggehøgder langs Åraks - og Byglandsfjorden. Desse sonene vil også bli overført til kommuneplanen sin arealdel.

Sti- og løypeplan

Utarbeiding av sti- og løypeplan har pågått gjennom året. Det har vore god dialog med grunneigarar med omsyn til trasear for turvegar. Planen ligg an til å bli ferdig i 2023. Vi har fått av tilskot frå SVR til arbeidet. Kostnadane er lønsmidlar knytt til eigeninnsats kommunen harr hatt til planen.

Reguleringsplan Byglandsfjord

I følgje kommunal planstrategi skulle prosess for revidering av reguleringsplan for Byglandsfjord ha oppstart i 2021. Det er inngått avtale med plankonsulent. Vi har fått tilskot frå Agder fylkeskommune til utarbeiding av ein moglegheitsstudie for Byglandsfjord sentrum som skal bidra til kunnskapsgrunnlaget. Arbeidet med moglegheitsstudien er starta på og vil bli ferdigstilt i 2022. Dei påløpte kostnadane er i hovudsak knytt til dette arbeidet. Revidering av plan startar i etterkant av denne.

Gnist

Gnist-prosjektet som vart gjennomført i 2021, peika på Presteneset som eit satsingsområde for stad- og næringsutvikling. Vi fekk i tilskot 2022 stadutviklingsmidlar til utarbeiding av ein moglegheitsstudie for Presteneset/Bygland sentrum frå Agder fylkeskommune. Kostnadane i prosjektet er knytt til ekstern konsulent som har utarbeidd studien inkl 3D-modellering.

Gullutstilling

I 1833 vart det gjort eit gullfunn i stranda på Nese i Bygland. Bygland kommune tok hausten 2021 kontakt med Kulturhistorisk museum for å undersøke om det ville vere muleg å få denne gullskatten til utlån på utstilling. Gullsamlinga har aldri nokon gong vore vist utanfor museet. Sidan har det vore ein svært god og konstruktiv dialog med Kulturhistorisk museum. Ei utstilling ville vore med på å gjere kulturhistoria i Setesdal og Bygland meir kjend, samt vere med på å syne verdien av det arbeidet som Kulturhistorisk museum gjer for å ta vare på vår felles kulturarv og historie. Januar 2022 var det sendt ein søknad frå Bygland kommune om utlån av gullfunnet frå 1833 til utstilling i Bygland.

Ein avtale om utlån mellom Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo og Bygland kommune vart underskriven 13.06.2022.

Laurdag 3. september opna utstillinga av gullfunnet i Bygland 1833. Opninga og utstillinga av gullfunnet var eit norsk bidrag til Europarådets Europeiske Kulturminnedagar 2022. Akkurat denne opningsdagen vart vald fordi det var opningsdagen for Dei europeiske kulturminnedagane i Noreg 2022. Dei europeiske kulturminnedagane er eit årleg arrangement som blir halde i regi av Europarådet. Dette er den største kulturmønstringa i Europa av tiltak for å styrke kulturminnevernet. Alle dei 47 medlemslanda melder inn sine bidrag og dei blir samla på heimesida til Europarådet. Det er ei stor eksponering av desse kulturhendingane over heile Europa. Det er Kulturvernforbundet som koordinerer tiltaka i Noreg.

På opningsdagen var det om lag 150 frammøtte. Dagen vart offisielt opna av assisterande museumsdirektør Karl Kallhovd ved Kulturhistorisk museum.

Utstillinga var open til 1. oktober. I løpet av utstillingsperioden vart det registrert 761 besøkande.

Både på opningsdagen og i utstillingsperioden var det sal av smykke, ein støypt kopi av eit av smykkka frå gullfunnet, samt t-skjorter med motiv frå gullfunnet og bøker.

Det blir arbeidd med eit hefte om gullfunnet. I heftet vil også alle foredraga frå kulturminnekonferansen bli trykte, og bilete frå opningsdagen.

Bleke-arrangement



I samarbeid med forskingsselskapet Fyri Ice Fish AS og Otteraaens brugseierforening gjennomførte vi eit kveldsarrangement der vi feira bleka med informasjon frå gode føredragshaldarar og kokkekamp til slutt. Det var 70-80 deltakarar. Dagen etter hadde kommunen workshop saman med Fyri Ice Fish AS, der vi saman såg på potensiale for vidare prosjektutvikling med utgangspunkt i bleka som ressurs. Kostnadane i prosjektet er knytt til eksterne konsulentar som bidrog til planlegging og gjennomføring av kveldsarrangementet, og til fasilitering og gjennomføring av workshop. I tillegg er det kostnader knytt til lokale og servering.

Eksterne samarbeid

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2022:

	Rekneskap 2022	Regulert budsjett 2022	Forbruk	Rekneskap 2021	Endring frå 2021 til 2022
Fellesutgifter	293 011	390 000	75,13 %	418 491	-29,98 %
Kontrollutvalet	140 500	141 000	99,65 %	134 000	4,85 %
Revisjon	699 000	621 000	112,56 %	626 250	11,62 %
IKT	3 304 366	2 575 000	128,32 %	2 882 992	14,62 %
PPT	696 213	790 000	88,13 %	725 464	-4,03 %
Musikk og kulturskule	462 388	425 000	108,80 %	404 511	14,31 %
Aust-Agder museum og arkiv - Museumsdel	425 600	437 000	97,39 %	425 600	0,00 %
Setesdal barnevern	3 802 520	4 451 000	85,43 %	4 493 187	-15,37 %
Legevakt	0	0	0,00 %	819 286	-100,00 %
Legetenesta	2 386 162	2 771 000	86,11 %	0	-
Kommunal øyeblikkelig hjelp	0	0	0,00 %	523 100	-100,00 %
Lokalmedisinske tenester	560 399	714 000	78,49 %	705 032	-20,51 %
Setesdal Brannvesen IKS	2 839 372	2 797 000	101,51 %	2 629 998	7,96 %
NAV Midt-Agder	1 237 525	1 750 000	70,72 %	1 303 044	-5,03 %
Vassdragsstyre for øvre Otra	372 804	75 000	497,07 %	13 408	2680,56 %
Netto driftsramme	17 173 460	17 937 000	96,00 %	16 104 363	6,64 %

Kommentar:

Under fellesutgifter ligg driftstilskot til Setpro og ein mindre kostnad til settesakshandsamar i ei sak.

Setesdal IKT har ei overskriding på godt og vel kr 700.000, som primært skuldast behov og oppgraderingar som har dukka opp i løpet av året, som ikkje låg inne i opphavleg budsjett. Det kan og leggjast til at det opphavlege budsjettet var veldig stramt, og det har vore krevjande å budsjettere kor høge kostnadane ved overgangen til IKT Agder ville bli. Overgangen til IKT Agder held fram i 2023, men ein trur ein i større grad har klart å budsjettere for slike kostnadar då.

Setesdal barnevern Setesdal barnevern består av 5,2 stillingar fordelt på tre kommunar. Dette er stillingar som jobbar med alle fasar av ei barnevernssak – mottak av melding, undersøking, tiltak, fosterheim og ettervern. Setesdal barnevern hadde i 2022 ein nedgang i mengda bekymringsmeldingar for Bygland kommune samanlikna med året før. Det var også nedgang i mengda undersøkingar. Mengda tiltakssaker og barn som har motteke tiltak frå barneverntenesta i løpet av året ligg stabilt frå året før. Mengda barn i fosterheim har lege stabilt dei to siste åra.

Det er for Bygland kommune ein sterk nedgang i kjøp frå private aktørar på barnevernfeltet gjennom 2022 - dette har vore i samsvar med uttalt mål om å få ned bruk av dyre konsulenttenester. Setesdal barnevern drifrar tiltak sjølv og har sjølv funksjon rundt rettleiing i heimen. Dette var tenester som tidlegare, i stor grad, vart kjøpt inn. Det har også vore fokus på å dreie utgiftene frå tiltak utanfor heimen til tiltak i heimen. Dette er blitt gjort gjennom å reforhandle gjeldande fosterheimsavtaler og ein gjennomgang av kjøp frå andre kommunar og private tenester. Det er i tillegg ein nedgang i utgifter til juridisk hjelp.



Summert er det eit underforbruk i Bygland kommune sett opp mot budsjett for 2022. Dette beror på dei faktorane som er skildra ovanfor.

Utover dette viser ein til årsmeldingane til dei einskilde samarbeida.

Andre sentrale inntekter og kostnader

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2022:

	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Forbruk	Rekneskap 2021	Endring frå 2020 til 2021
Mva-kompensasjon	-5 401 600	-4 929 000	109,59 %	-3 885 247	39,03 %
Konsesjonskraftinntekter	-13 861 401	-13 950 000	99,36 %	-7 809 250	77,50 %
Bruk næringsfond	2 032 822	1 960 000	103,72 %	1 670 261	21,71 %
Sjølvkost	-3 605 820	-2 978 000	121,08 %	-2 854 420	26,32 %
Premieavvik	-3 236 438	-2 700 000	119,87 %	-1 762 159	83,66 %
Pensjonsføringer	2 990 794	2 750 000	108,76 %	-224 939	-1429,60 %
Anna	1 169 502	693 000	168,76 %	-175 769	-765,36 %
Netto driftsramme	-19 912 140	-19 154 000	103,96 %	-15 041 524	32,38 %

Kommentar:

Det største avviket beløpsmessig er på sjølvkost, men dette må sjåast i samanheng med at det er tilsvarande avvik «motsatt veg» på eining 40 VARF. Under «anna» ligg mellom anna straumstøtteordninga til daglegvarebutikkane og diverse covid-løyvingar frå starten av året. Sistnemnte vart ikkje budsjettert for sidan dei likevel vert dekt av fond (øyremerka midlar frå 2021).

Bruk av næringsfond i tabellen ovanfor inkluderer berre bruk av næringsfond innanfor denne eininga. For fullstendig bruk av næringsfond, viser ein til delkapittel 1.8.





1.4 Bevillingsoversikt investering

	Note	Rekneskap 2022	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2021
1 Investeringar i varige driftsmidlar	4, 18	5 400 756	7 815 735	9 300 000	5 254 056
2 Tilskot til andre sine investeringar		0	0	0	0
3 Investeringar i aksjar og andeler i selskap	5	471 847	471 847	500 000	458 563
4 Utlån av egne midlar	6	1 000 000	1 000 000	0	0
5 Avdrag på lån	7	0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter		6 872 603	9 287 582	9 800 000	5 712 619
7 Kompensasjon for meirverdiavgift		-514 110	-692 000	-1 360 000	-279 161
8 Tilskot frå andre	19	-64 500	-65 000	-133 000	-966 943
9 Sal av varige driftsmidlar		-1 403 846	-1 400 000	-1 300 000	-1 000 000
10 Sal av finansielle anleggsmidlar		0	0	0	0
11 Utdeling frå selskap		0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midlar		0	0	0	0
13 Bruk av lån		-4 682 565	-6 923 000	-6 507 000	-3 089 618
14 Sum investeringsinntekter		-6 665 021	-9 080 000	-9 300 000	-5 335 722
15 Vidareutlån (startlån)	6	0	0	1 000 000	0
16 Bruk av lån til vidareutlån		0	0	-1 000 000	0
17 Avdrag på lån til vidareutlån	7	1 507 901	790 000	500 000	382 509
18 Mottatte avdrag på vidareutlån		-2 476 837	-1 125 000	-500 000	-809 557
19 Netto utgifter vidareutlån		-968 936	-335 000	0	-427 048
20 Overføring frå drift		-1 000 000	-1 000 000	0	0
21 Avsetningar til bundne investeringsfond	10	1 363 470	725 000	0	427 048
22 Bruk av bundne investeringsfond	10	-394 534	-390 000	0	0
23 Avsetning til ubundet investeringsfond		1 400 000	1 400 000	0	0
24 Bruk av ubundet investeringsfond		-607 582	-607 582	-500 000	-559 000
25 Dekning av tidlegare års udekka beløp		0	0	0	182 103
26 Sum overføring frå drift og netto avsetningar		761 354	127 418	-500 000	50 151
27 Framført til inndecking i seinare år (udekka beløp)		0	0	0	0

Investeringsutgifter

Line 1, investeringar i varige driftsmidlar, vert kommentert i avsnitt 1.5 Bevillingsoversikt drift, til fordeling. Kjøp av aksjar og andelar gjeld eigenkapitaltilskot til KLP, og samsvarar med budsjett. Dette vert dekt av ubunde investeringsfond.

Investeringsinntekter

Kompensasjon frå meirverdiavgift vart betydeleg lågare enn budsjettert grunna at ein del av prosjekta som gjev meirverdiavgiftskompensasjon hadde mindreforbruk, eller at ein ikkje kom så langt på prosjekta som budsjettert.

**Vidareutlån**

Det har ikkje blitt innvilga startlån i 2022. Det er ganske store budsjettavvik i denne delen av tabellen grunna at det vart innfridd eit startlån på 1,4 mill. etter siste budsjettjustering for 2022.

1.5 Bevilgningsoversikt investering, til fordeling

	Rekneskap 2022	Regulert Budsjett	Opphavelag Budsjett	Rekneskap 2021	
Investeringar i varige driftsmidlar					
Prosjektnr. og -navn					
	Forprosjekt avløpsledning og rehabilitering av vassledning til				
557	Hamren	57 894	150 000	250 000	0
559	Reinseanlegg og brannstasjon Bygland	0	0	0	519 455
567	Rehabilitering av Byglandsfjord høgdebasseng	0	0	0	1 349 235
568	Sjøledning frå Austad vassverk til Åraksbø	0	0	0	102 955
569	Luftesystem og blåsemaskiner Byglandsfjord reinseanlegg	0	0	0	240 151
570	Ny avlaupsbil - 2021	0	0	0	453 764
571	Sanere off. avlaupsanlegg Nesmoen	0	0	400 000	0
572	Sjøledning avlaup Byglandsfjord	0	0	0	301 848
601	Uteareal Bygland oppvekstsenter	650 797	650 000	600 000	0
602	Uteareal Byglandsfjord oppvekstsenter	0	0	0	290 760
603	Turveg Byglandsfjord	0	0	400 000	2 600
604	Nytt doseringsutstyr til symjehallen	0	0	0	202 103
752	Utbygging av gateljos	0	0	300 000	0
754	Utsmykking i rundkøyninga på Byglandsfjord	0	0	100 000	0
804	Kartverk - Geovekstprosjektet	143 207	150 000	150 000	0
809	Sal bustader	135 735	135 735	0	113 302
817	Kjøp tomtegrunn	0	100 000	100 000	652 535
828	IFK-plan (idrett, friluftsliv og kultur)	131 262	150 000	150 000	83 582
847	Utvikling av Presteneset	1 325 302	2 310 000	1 200 000	137 379
877	Lokale for ungdomsklubben m.fl.	0	200 000	200 000	71 888
878	Stasjonsområdet Byglandsfjord	399 122	500 000	500 000	118 027
883	ENØK-tiltak Byglandsheimen	140 849	140 000	3 750 000	345 897
886	Nye tilhengarar - 2021	0	0	0	134 219
887	Nytt system for pasientvarsling Byglandsheimen	55 865	1 000 000	1 200 000	10 938
888	Kjøletiltak Sagmoen	0	0	0	115 445
890	Leilegheit Bygland	1 900 724	1 900 000	0	7 974
891	Ny psykiatribil	460 000	430 000	0	0
	Sum investeringar i varige driftsmidlar	5 400 757	7 815 735	9 300 000	5 254 057

Kommentarar til kvart prosjekt**Prosjekt 557: Forprosjekt avløpsledning og rehabilitering av vassledning til Hamren**

Skisseprosjektet blei utført med ei kostnadsramme under revidert budsjettsum. Det legg grunnlaget for vidare detaljprosjektering av VA – infrastruktur for både Bygland sør om Prestlidi og Presteneset. Detaljprosjektering og anbudsgrunnlag for Bygland sør blir jobba vidare med i 2023 med tanke på eventuell realisering i 2024.



Prosjekt 601: Uteareal Bygland oppvekstsenter

Prosjektet blei ferdigstill med god hjelp frå tilsette og elevar på Bygland oppvekstsenter. Areala blei fresha opp og det blei tilført nye leikeapparat mv. Plassen fekk ein betre funksjonalitet til glede for alle.

Prosjekt 804: Kartverk – Geovekstprosjektet

LACHVA23 – historiske flybileter: Etablering og tilrettelegging av eldre flybileter frå 80-talet som skal leggjast ut på Norge i bilder. Produksjon/kontroll av datasett pågår endå frå leverandør.

LACHVA26 – Agder FKB-C: Oppdatering av bygningsbasen etter bileta frå omløpsfotograferinga – desse dataene er levert av kartverket og lagt inn i vårt datasett i 2022.

LACHVA24 – Omløpsfoto: Flyfotografering av heile kommunen. Bilda vart publisert i juni 2022 på Norge i bilder.

Prosjekt 809: Sal bustader (meklarhonorar mv.)

Sal av to 2 – mannbustadar på Byglandsfjord (Kåland) blei gjennomført vha. eigedomsmeklar. Sluttsummen for kommunen som seljar blei kr 1 439 634,- i fortjeneste.

Prosjekt 828: IFK-plan

DFV: Prosjekt leikeplass Prestlidi blei så godt som ferdig. I samråd med Bygland grendelag, så blei det innkjøpt eit større klatreapparat. Lang leveringstid medførte at vinteren kom før apparatet blei levert. Det blir montert så raskt som råda våren 2023.

Prosjekt 847: Utvikling av Presteneset

Utfylling av masse for å heve delar av det regulerte området BS3 på Presteneset. Årsaka til budsjettavviket er at det eigentleg vart budsjettert med å starte opp på VA-arbeidet i 2022, men dette vert utsett til 2023.

Prosjekt 877: Lokale for ungdomsklubben m.fl.

Det har vore jobba med prosjektet i 2022, men det har primært vore snakk om planlegging gjort av kommunen sine egne tilsette. Difor er kostnaden lik 0 på dette prosjektet.

Prosjekt 878: Stasjonsområdet Byglandsfjord

Ny lasterampe til Pakkbua er sett opp. Nye "gamle" benkar til stasjonsbygget er på plass og her har også vori ein fantastisk gjeng av frivillige som har stilt opp og gjennomført mange dugnadstimar på grøntareala og bidrege med beplantning på området etter utarbeidd moglegheitsstudie for området i 2021. Det er også leigd inn gravemaskin og lastebil til å reinske opp og forskjønne delar av området rundt sjølve stasjonsbygningen. Ny grus på delar av området er også kome på plass.

Prosjekt 883: ENØK-tiltak Byglandsheimen

Anbudsgrunnlag og konkurranse blei gjennomført i samarbeid med Norconsult. Etter mottak av anbudsprisar frå 3 leverandørar, så blei konklusjonen at ingen av dei løysingane som blei føreslegne gav ei god nok løysing for at tiltaka ville vere lønnsame for kommunen.

Prosjekt 887: Nytt system for pasientvarsling Byglandsheimen

Dette prosjektet kom ikkje godt i gang i 2022. Kompleksiteten var stor og meir arbeidskrevjande enn ein greidde å forutsjå i starten på tiltaket. Prosjektet held fram i 2023.

Prosjekt 890: Leilegheit Bygland

Investeringa er i samsvar med vedtak gjort i kommunestyret 18.06.19.

**Prosjekt 891: Kjøp av psykiatribil**

Etter anbudsprosess på el-bil til eininga var Evje Auto det firmaet som hadde best tilbud ut i frå kriteria som blei satt. Det blei bestilt ein Kia Niro EV til kr. 460 000 som blei levert i desember. Retningsliner for bruk av bilen er utarbeida etter kommunestyrevedtak.

1.6 Balanserekneskap**Omløpsmidlar**

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Endring i kroner	i %
Bankinnskot og kontantar	66 047 269,54	61 495 350,48	4 551 919,06	7,40 %
Obligasjonar (omløpsmidlar)			0,00	
Sertifikat			0,00	
Kundefordringar	6 022 730,46	6 041 244,71	-18 514,25	-0,31 %
Konserninterne kortsiktige fordringar	58 000,00	1 099 104,14	-1 041 104,14	-94,72 %
Derivat			0,00	
Andre kortsiktige fordringar	7 120 270,17	5 202 940,38	1 917 329,79	36,85 %
Aksjar og andeler (omløpsmidlar)			0,00	
Premieavvik	18 076 672,13	15 017 968,13	3 058 704,00	20,37 %
SUM OMLØPSMIDLAR	97 324 942,30	88 856 607,84	8 468 334,46	9,53 %

Kommentar:

Hovudfakturering på kommunale avgifter i 2021 vart fakturert med forfallsdato i 2022, medan i 2022 ble siste hovudfakturering fakturert med forfallsdato i 2022. Dette bidreg i nokon grad til at bankinnskot har auka med 7,4 % samanlikna med 2021. I tillegg så har eit positivt netto driftsresultat positiv innverknad på likviditeten. Kundefordringar er likevel på same nivå, men det er primært grunna eit par store rekningar kommunen sendte ut på slutten av 2022, som ikkje vert betalt før i 2023. Akkumulert premieavvik reknar ein med vil reduserast på lengre sikt sidan kommunen må amortisere («skrive ned») balanseførte premieavvik med 1/7 kvart år. Amortiseringa vert å sjå på som ein kostnad i rekneskapen, og denne kostnaden er venta å bli større med åra, i og med at premieavvika dei siste åra har vore på fleire millionar. Kommunen har difor satt av kr 5 millionar på fond som kan nyttast i dei åra kor inntektsført premieavvik vert lågare enn dei kostnadsførte amortiseringane.

Anleggsmidlar

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Endring i kroner	i %
Pensjonsmidlar	250 437 718,13	238 472 588,35	11 965 129,78	5,02 %
Aksjar og andeler (anleggsmidlar)	16 086 987,00	15 615 140,00	471 847,00	3,02 %
Utlån (anleggsmidlar)	5 364 828,10	6 841 665,10	-1 476 837,00	-21,59 %
Konserninterne langsiktige fordringar			0,00	
Utstyr, maskiner og transportmidlar	6 618 844,33	6 940 672,74	-321 828,41	-4,64 %
Faste eigedomar og anlegg	203 216 896,84	207 336 536,40	-4 119 639,56	-1,99 %
Immaterielle eigendeler			0,00	
Obligasjonar (anleggsmidlar)			0,00	



SUM ANLEGGSMIDLAR	481 725 274,40	475 206 602,59	6 518 671,81	1,37 %
--------------------------	-----------------------	-----------------------	---------------------	---------------

Kommentar:

Tabellen syner utviklinga i anleggsmidla frå 2021 til 2022. Samla vart anleggsmidla auka med kr 6,5 millionar. Auka i anleggsmidlar skuldast nesten utelukkande auke i pensjonsmidlar. Kommunale pensjonsordningar er finansierte gjennom fondsopplegg. Dette inneber at det blir betalt inn midlar til pensjonsordninga til dekning av framtidige pensjonsutbetalingar. Formålet med dette er å sikre at dei tilsette har dekning for sine tente rettar til einkvar tid. Det er desse midlane som er inkludert i dei dryge 250 millionane kommunen har i pensjonsmidlar. Avskrivningar av anleggsmidlar utgjorde kr 9,3 millionar i 2022, medan årets tilgang (aktiverte nyinvesteringar for 2022) utgjorde om lag 5,2 millionar. Balanseført verdi av faste eigedomar og anlegg har derfor blitt redusert.

Kortsiktig gjeld

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Endring i kroner	i %
Likviditetslån			0,00	
Anna kortsiktig gjeld	-17 311 879,59	-16 492 344,82	-819 534,77	4,97 %
Konsernintern kortsiktig gjeld	-1 277 114,83	-932 434,26	-344 680,57	36,97 %
Derivat			0,00	
Leverandørgjeld	-11 137 099,85	-6 051 475,64	-5 085 624,21	84,04 %
Premieavvik	-216 071,00	-393 805,00	177 734,00	-45,13 %
SUM KORTSIKTIG GJELD	-29 942 165,27	-23 870 059,72	-6 072 105,55	25,44 %

Kommentar:

Den kortsiktige gjelda er høgare enn i 2021. Konsernintern kortsiktig gjeld utgjer ca. kr 1,3 millionar av den forpliktinga. Dette er kortsiktig gjeld til IKS, kommunale føretak og liknande som kommunen er med i. Negative premieavvik er balanseført som kortsiktig gjeld. Desse premieavvika skal og amortiserast dei komande åra, men i motsetnad til dei positive premieavvika som er balanseført som kortsiktige fordringar, vil amortiseringa av desse premieavvika ha ein positiv effekt på kommunen sitt driftsrekneskap. Ser ein desse tala i samanheng med tala i avsnittet om omløpsmidlar, kan ein seie at netto premieavvik til amortisering (utgiftsføring) i komande år er lik kr 17,8 millionar (opp frå 14,6 millionar i 2021). Årsaka til den store auka i leverandørgjeld er at kommunen fekk ein del store rekningar mot slutten av 2022 som vert betalt først i 2023.

Langsiktig gjeld

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Endring i kroner	i %
Pensjonsforplikting	-253 360 935,56	-240 740 974,44	-12 619 961,12	5,24 %
Obligasjonslån			0,00	
Obligasjonslån med forfall i neste rekneskapsår			0,00	
Sertifikatlån			0,00	
Gjeld til kredittinstitusjonar	-141 761 188,68	-146 931 975,68	5 170 787,00	-3,52 %
Konsernintern langsiktig gjeld			0,00	
SUM LANGSIKTIG GJELD	-395 122 124,24	-387 672 950,12	-7 449 174,12	1,92 %

**Kommentar:**

Oversikta syner at langsiktig gjeld unnateke auka pensjonsforplikting, har gått ned med cirka kr 5,2 millionar. Kommunen betalte kr 7,3 millionar i ordinære avdrag i 2022, medan det vart teke opp eit nytt lån på kr 3,6 mill. Av andre lån er ca. kr 7,4 millionar knytt til startlån, som er ein reduksjon på 1,5 mill. Pensjonsforpliktinga er auka med nesten 13 millionar. Samla avvik mellom midlar og forplikting knytt til pensjon er på 3 millionar i negativ retning (opp frå 2,2 millionar i 2021).

Eigenkapital

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Endring i kroner	i %
Bundne driftsfond	-26 108 854,26	-27 481 498,69	1 372 644,43	-4,99 %
Ubundet investeringsfond	-1 412 263,61	-619 845,61	-792 418,00	127,84 %
Bundne investeringsfond	-1 656 488,73	-687 552,73	-968 936,00	140,93 %
Disposisjonsfond	-35 070 615,58	-31 980 531,25	-3 090 084,33	9,66 %
Prinsippendr, som påverkar arbeidskapitalen invest.			0,00	
Prinsippendr. som påverkar arbeidskapitalen drift	1 951 787,00	1 951 787,00	0,00	0,00 %
Meirforbruk i driftsrekneskapen			0,00	
Udekka beløp i investeringsrekneskapen			0,00	
Kapitalkonto	-91 689 492,01	-93 702 559,31	2 013 067,30	-2,15 %
SUM EIGENKAPITAL	-153 985 927,19	-152 520 200,59	-1 465 726,60	0,96 %

Kommentar:

Tabellen syner utviklinga frå 2021 til 2022. Disposisjonsfondet har auka med 3,1 mill. til dryge 35 mill. og består av følgjande fond per 31.12.22:

Fond	Saldo
Disposisjonsfond	10 171 976
Bygdebokfond	1 683 041
DFV Fond	1 000 000
Flyktingefond	10 663 604
Rentefond	1 000 000
Bygland oppvekstsenter	50 800
Premiefond Pensjon	5 000 000
Flyktingefond (Ukraina)	2 116 224
Meirforbruk/mindreforbruk	3 384 971
Sum disposisjonsfond	35 070 616

Som nemnt i avsnittet over, vil premiefondet kunne brukast i dei åra kor nettoeffekten av premieavvika er negativ. Her må det rett nok nemnast at netto premieavvik til utgiftsføring i kommande år utgjer om lag kr 17,8 millionar, så premiefondet er i så måte for lite til å dekkje kommande utgifter knytte til amortisering av premieavvik. Kommunen har all langsiktig gjeld med flytande rente, då dette fram til no har vore mest gunstig. Rentefondet er i så måte ein «buffer» i fall renta skulle auke uventa mykje eit år. Ein vil vurdere om fastrente kan vere eit alternativ på deler av låneporteføljen, men skal fastrente lønne seg må ein gjerne be om tilbod i forkant av ei renteauke i marknaden. No har renteauka allereie skjedd, og det er difor lite truleg at ein vil få gode tilbod her. *Bundne* fond er redusert med om lag kr 1,4 mill. sidan 2021. Dette skuldast primært øyremarka tilskot som har blitt tilført kommunen tidlegare år, som vart bruka opp i 2022, og fond på sjølvkostområda, då primært bruk av renovasjonsfondet. *Bundne* fond er spesifisert i note 10 i rekneskapoversikta.



1.7 KOSTRA: Finansielle nøkkeltal, analyse og prognose

1.7.1 Ein kort analyse av dei finansielle nøkkeltala

Som forlenging av rekneskapskommentarane ovanfor, vil ein i dette delkapitlet vise dei finansielle nøkkeltala frå KOSTRA for 2022. Merk at dette er ureviderte tal per 15.03.22. Ein har valt å samanlikne kommunen med gjennomsnittet for KOSTRA kommunegruppe 14, som inkluderer kommunar med 600 til 1999 innbyggjarar og låge eller middels frie disponible inntekter per innbyggjar. Ein har i tillegg valt å samanlikne kommunen med kommunane Åmli, Iveland og Hægebostad, som er dei andre Agder-kommunane som høyrer til i KOSTRA-gruppe 14.

	Bygland	Åmli	Iveland	Hæge- bostad	Kostra- gr. 14
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter (%)	1,5	4,1	.	1,6	2,6
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter (%)	30,3	33,4	.	17,6	25,6
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (%)	8,1	30,8	.	34,9	25,9
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktingar i % av brutto driftsinntekter (%)	78,9	78,6	.	85,7	82,0
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	91758	94413	.	85791	88623
Fri eigenkapital drift (= disp. fond) i % av brutto driftsinntekter (%)	21,1	22,3	.	12,0	18,8
Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter (%)	3,6	10,8	.	14,7	11,9
Egenfinansiering av investeringene i % av totale brutto investeringar (%)	11,8	65,4	.	32,5	42,2

Netto driftsresultat er det same som rekneskapsmessig mindreforbruk («overskot») før fondsdisponeringar. Som ein ser av den økonomiske driftsoversikta i delkapittel 1.1, samt tabellen ovanfor, så er Bygland kommune sitt netto driftsresultat positivt, men ein ser og at netto driftsresultat er ein del lågare enn det er for Åmli og gjennomsnittet i kommunegruppa. Når ein samanliknar med budsjett for 2022, og då spesielt opphavelag budsjett, kor det var budsjettert med bruk av ordinært disposisjonsfond på 2,7 mill., så må ein likevel kunne seie at kommunen har hatt ei positiv økonomisk utvikling i løpet av året. Ein kan og leggje til at kommunen har hatt ein del ekstraordinære kostnader i 2022 som ikkje er ein del av dei ordinære driftsutgiftene. For eksempel så har budsjetteininga Store prosjekt hatt kostnader på 2,8 mill. i 2022, som er om lag dobbelt så høgt som i 2021, og det har vore til dels store (men og budsjetterte) ekstraordinære kostnader i einingane Stab og fellesutgifter og Drift og forvaltning, anslagsvis 1,5 mill. totalt, samt ulike straumstøtteordningar på totalt 1,3 mill. Noko som derimot bidreg til at netto driftsresultat vert kunstig høgt, er nettoinntekta frå premieavvik på 3,2 mill. Premieavviket på totalt 6,1 mill. (inntekt) må amortiserast over dei sju neste åra, som vil seie at 1/7 av 6,1 mill., om lag kr 870.000, vert ein årleg kostnad frå og med 2023 til og med 2029. Difor er det anbefala at nettoinntekt knytt til premieavvik bør setjast av på fond til dei auka pensjonskostnadane som kjem seinare.

Arbeidskapital ekskl. premieavvik er eit uttrykk for kommunen sin likviditet. Jo høgare tal, dess betre likviditet. Her kan kommunen vise til tal som er vesentleg høgare enn kommunegruppa, men det må presiserast at den bundne delen av næringsfondet (17,7 mill.) og er inkludert i dette talet.

Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter på 8,1 % indikerer at ei renteoppgang på 1 prosentpoeng isolert sett vil «ete» 0,081 % av driftsinntektene. Dette talet viser altså i kva for grad kommunen er sårbar mot rentesvingingar. Som ein ser, så er dette talet vesentleg lågare enn både Hægebostad, Åmli og gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 14.

Når det gjeld gjeldsbelastning ser ein at kommunen ligg litt lågare enn Hægebostad og gjennomsnittet for kommunegruppa, og på tilnærma same nivå som Åmli. Kommunen ligg litt over sitt finansielle måltal på dette området, eit måltal som er i tråd med Statsforvaltaren si anbefaling (75). Målet er å redusere gjelda i løpet av dei kommande åra, noko økonomiplanen for 2023-2026 også legg opp til. Dette måltalet vert berekna ved å dividere langsiktig gjeld på brutto driftsinntekter, så når driftsinntektene stiger betydeleg frå 2021 til 2022, gjer dette og at måltalet vert lågare, sjølv om ikkje kommunen hadde redusert gjelda si. Frå 2021 til 2022 har kommunen riktig nok redusert langsiktig gjeld med 5,2 mill. (kor av 1,5 mill. gjeld startlån). Noko av dette skuldast og investeringsprosjekt som har blitt utsett til 2023.



1.7.2 Utvikling i dei finansielle nøkkeltala 2018-2022

	Bygland				
	2018	2019	2020	2021	2022
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter (%)	-0,3	-5,4	1,2	1,0	1,5
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter (%)	36,7	27	34,2	34,5	30,3
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (%)	8,6	34,9	39,8	13,4	8,1
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktingar i % av brutto driftsinntekter (%)	80	80,7	90,2	91,9	78,9
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	77667	81204	84764	88510	91758
Fri eigenkapital drift (= disp. fond) i % av brutto driftsinntekter (%)	26	18,8	23,7	22,6	21,1
Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter (%)	5,7	13,6	15,8	4,0	3,6
Eigenfinansiering av investeringane i % av totale brutto investeringar (%)	-19,6	15,7	11,6	48,9	11,8

Likviditeten, representert ved arbeidskapital, vart kraftig redusert i 2019, som var et særst dårleg økonomisk år, men har i 2020 og 2021 auka til om lag 34, som ikkje er så langt unna nivået i 2018. I 2022 gjekk dette måtalet ned, primært grunna auke i brutto driftsinntekter. Frie inntekter (skatt og rammetilskot) har for det meste auka i samsvar med nivået på deflator i perioden 2016-2018. Stabilt innbyggjartal i den perioden var i stor grad årsaka til det. Innbyggjartalet i 2019, 2020 og 2021 har gått kraftig ned, noko som gjer at frie inntekter per innbyggjar vert, relativt sett, høgare. Det er ikkje dermed sagt at kommunen sine samla frie inntekter har auka i same grad. Sanninga er snarare at kommunen får relativt låg vekst i frie inntekter når innbyggjartalet gjeng ned.

Nivået på langsiktig gjeld frå 2018 til 2022 kan sjåast i direkte samanheng med endringane i brutto investeringsutgifter. Færre og mindre investeringar i 2016-2018 førte til at kommunen reduserte gjelda noko. Dette var ein bevisst strategi etter investeringa i fleirbrukshallen på Bygland i 2015, som var rekna for å vere ein relativt stor investering sett i samanheng med dei økonomiske storleikane elles i kommunen. I tillegg har ein visst at det låg inne i økonomiplanen at kommunen måtte investere i eit nytt reinseanlegg på Bygland i eit av dei nærmaste åra, ei investering på godt over 30 mill. Denne investeringa blei begynt på i 2019 og er hovudårsaka til at måtalet for langsiktig gjeld gjekk litt opp i 2019, og vesentleg opp i 2020, som det også var signalisert i årsmelding for 2019 og økonomiplanen for 2021-2024. Talet i 2022 er ikkje fullt så høgt som i prognosane i økonomiplanen for 2023-2026, men dette er fordi faktiske brutto driftsinntekter alltid blir høgare enn budsjettert sidan ein ikkje budsjetterer med inntekter frå sjukerefusjon mv. Det kan og leggjast til at hovudårsaka til at måtalet på langsiktig gjeld har gått ned, er fordi inntektene har gått opp. Om kommunen hadde hatt same inntekt i 2022 som i 2021, hadde måtalet for langsiktig gjeld vore på 87,6 %. Det er uvisst om det høge inntektsnivået vil vare, og med stadig stigande renter er det uansett ingen ulempe å redusere langsiktig gjeld. Dette vil og gi meir kapasitet til investeringar i framtida, om det skulle melde seg behov ein ikkje ser per dags dato.

Endring i nivået på disposisjonsfondet har primært samanheng med kommunen sitt økonomiske resultat det aktuelle året, og til dels om det er avsett store integreringstilskot til flyktningefondet, og om det har vore ekspansiv bruk av øyremerka disposisjonsfond (bygdebokfond, flyktningefond mv.). Inntektene frå integreringstilskot minka i 2019, og dei har heldt fram å minke i 2020 og 2021, så 2021 vart første året kor kommunen måtte bruke av flyktningefondet i staden for å sette av midlar til det. I 2022 er det busett ei ny pulje med flyktningar, som gjer at netto avsetning til flyktningefonda er om lag 0,2 mill. For talet «fri eigenkapital i prosent av brutto driftsinntekter» har kommunestyret vedteke eit måltal på 15 %, som vart gjeldande frå og med 2020. Ein ser no at kommunen ligg litt over dette måtalet. Merk at reduksjonen i dette måtalet frå 2020 til 2022 skuldast at driftsinntektene har gått opp, som gjer at prosentdelen disposisjonsfondet utgjer av brutto driftsinntekter vert mindre, sjølv om disposisjonsfondet har auka med om lag 5 mill. i same periode.

Variasjonen i kommunen si eigenfinansiering av investeringar skuldast mellom anna variasjonar i investeringstilskot, som per definisjon inngår som eigenfinansiering. Dette kan for eksempel vere spelemidlar. Kommunen har ikkje lagt opp til ein bestemt finansieringsstrategi når det gjeld eigenfinansiering av investeringar.



1.7.3 Utvikling i utvalte finansielle nøkkeltal 2022-2026 (prognose)

I dette avsnittet har ein valt å fokusere på utviklinga frå 2022 til 2026 i dei finansielle måltala som kommunestyret vedtok i saksnummer 105/2019 den 11.12.2019:

- ❑ Måltal for disposisjonsfond vert sett til minimum 15 % av driftsinntektene.
- ❑ Måltal for langsiktig gjeld vert sett til maksimum 75 % av driftsinntektene.
- ❑ Dei årlege driftsbudsjetta skal leggjast fram i balanse utan bruk av ordinært disposisjonsfond.

I dette delkapitlet har ein brukt prognosane i økonomiplanen for 2023-2026 som utgangspunkt. Det må presiserast at tala frå 2023 til 2026 er særst usikre, og dess lengre ut i perioden ein kjem, dess meir usikre er prognosane. Tala for 2022 til 2026 er som følgjer:

	2022	2023	2024	2025	2026
Bruk av (-) eller avsetning til (+) ordinært disposisjonsfond (i 1000 kr) -- måltal = 0<	3385	0	3219	913	373
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter (%) -- måltal = 75	79	80	82	82	80
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter (%) -- måltal = 15	21	22	24	25	25

Grønt indikerer at målalet er nådd og vel så det, medan gult indikerer at kommunen er i nærleiken av målalet, men det er ikkje heilt innfridd. Raudt indikerer at målalet ikkje er nådd, og at kommunen er langt unna det.

Utbytte frå Å Energi (då Agder Energi) var lågt i 2021, og låg an til å bli lågt i 2022 også, men så vart det vedteke å inkludere gevinst ved sal av eit selskap i utbyttegrunnlaget, som førte til at utbyttet vart på nivå med dei høgaste nivåa dei siste åra. I 2023 vert utbyttet nesten 9 mill. høgare enn i 2022. I 2024 ligg det an til eit lågare utbytte enn i 2023, men framleis historisk høgt.

Disposisjonsfondet (frie midlar) har moderat positiv utvikling i perioden. Dette har først og fremst samanheng med auke i kraftinntekter.

1.8 Det kommunale næringsfond

Som det følgjer av § 6 i kommunen sine nyleg oppdaterte næringsfondsvedtekter, skal det leggjast fram ei melding om næringsfondet si verksemd for kommunestyret kvart år, som ein integrert del av kommunen si årsmelding.

Kommunen sitt næringsfond består av ein grunnkapital på kr 17.780.000 som må stå urørt:

Konsesjon	Beløp
Otteraaens Brugseierforening	1.000.000
Sira-Kvina (Sira-Kvina Kraftselskap)	30.000
Hekni kraftverk (Agder Energi AS)	1.000.000
Overføring av deler av Heisvassdraget til Hovatn (Otteraaens Brugseierforening)	500.000
Byglandsfjordkonsesjonen	15.250.000
Samla fondskapital	17.780.000

Disponeringa av næringsfondet i 2022 følgjer av tabell på neste side.

Talet nesten nedst i tabellen (kr -355.683) viser netto bruk av næringsfondet i 2022, dvs. inntekter til næringsfondet (renteinntekter og konsesjonsavgifter) trekt frå kostnader knytte til bruk av næringsfondet. Dette reduserer den ubundne kapitalen av fondet med kr 355.683 i løpet av 2022.



Den samla bruken av fondet er heilt i samsvar med budsjett. Dei feilbudsjetteringar som vore, kor kostnadane har blitt høgare enn budsjettert, har blitt kompensert av at bruken har vore lågare på andre område. Reiseliv gjeld drift av turistinformasjonen i 2022. Kostnaden som er oppgjeve på Setesdal Vekst er kommunen sin del av finansieringa, som er delt 50/50 med Setesdal interkommunalt politiske råd.


<u>Disponering næringsfond 2022</u>	<u>Regnskap</u>	<u>Budsjett</u>
IB pr 1.1.	<u>19 136 147</u>	
Årets tilgang:		
Konsesjonskraftavgift	3 241 420	3 200 000
Renteinntekter	<u>447 897</u>	<u>200 000</u>
Sum tilgang	3 689 317	3 400 000
Årets bruk:		
Setesdal Regionråd	1 300 000	1 300 000
Avdrag på gjeld	1 241 299	800 000
Reiseliv	60 000	60 000
Landbrukstilskot	822	100 000
Reguleringsplan Byglandsfjord	146 879	500 000
Sesilåmi	10 000	-
Tilskot Bygland		
Sikringsradiolag	-	5 000
Tilskot Norsk Landbruksrådgiving Setesdal	30 000	30 000
GPS-merkingsprosjekt villrein Setesdal Vesthei	-	15 000
Fiberprosjekt	435 000	300 000
Lønnsandel næringsansvarleg	230 000	230 000
Tilskot Bjoren	197 000	150 000
Setesdal Vekst	144 000	300 000
VA-plan	250 000	250 000
Sum bruk	4 045 000	4 040 000
Investering	-	-
Netto bruk/avsetning	-355 683	110 000
Saldo pr 31.12	18 780 464	
Bunden kapital	<u>17 780 000</u>	
Ubunden kapital pr 31.12	1 000 464	



1.9 Organisering, likestilling og personale

Organisering og overordna mål

Organisasjonskart:



Dette er organisasjonskartet per 31.12.22.

Aktivitet og mål er forankra i vedteken kommuneplan, og går fram av vedteke budsjett/ økonomiplan.

Slagordet for Bygland er
"Med hjarta i Bygland"

Sjukefråvær

Sjukefråveret i 2022 har vore på 10,28% gjennomsnittleg for heile kommunen, det er høgare enn nokon gong. I 2020 og 2021 var dette talet høvesvis 6,33 % og 7,02 %. Einingane med flest tilsette, dvs. Pleie og omsorg og oppvekstsektoren, har eit høgt fråvær. I oppvekstsektoren ser ein at den høge fråversprosenten i større grad er knytt til enkeltpersonar. I Pleie og omsorg hadde bedriftshelsetenesta ei eigen kartlegging på slutten av 2021. Rapporten og kartlegginga blei lagt fram/ gjennomgått i AMU i febr. 2022. Vår IA-kontakt (inkluderende arbeidsliv) Ø. Steinklev har etter dette deltatt i prosess i eininga.

Forhandlingar

I 2022 var det lokale forhandlingar heimla i kap. 3 og 5. Det blei ikkje brot i forhandlingane. Sentralt vart KS og lærarorganisasjonane ikkje samde. Det vart streik på landsbasis, Bygland vart ikkje tatt ut i streik. Streiken blei avslutta



med tvungen lønnsnemnd. Verknadsdato for lærarorg. vart sett til 27.sept 2022. Rikslønnsnemnda avga kjennelse 16. febr. 2023. Det medførte at lønnsauken for tilsette i desse org. ikkje blei utbet. før i 2023.

Likestilling

Det var undersøkjing knytt til heilt/deltid blant dei tilsette i 2020 men ikkje i 2022. Det vart ikkje sett i verk særskilte tiltak utanom det som alt fins i personalhandboka.

Delmål 1 - likestilling

Ha ein organisasjonskultur og eit arbeidsmiljø som inkluderer/ ivaretek og verdset alle arbeidstakarar på lik line uansett kjønn, etnisitet, religion, funksjonalitet osv.

Tiltak 1:

Forankre likestillingsarbeidet i administrativ og politisk leiing.

Tiltak 2

Einingane skal beskrive likestillingstilstanden i eininga og rapportere om både planer og resultat når det gjeld likestilling. (Kommunelova § 48 pkt 5).

Tiltak 3

Likestilling må inngå som ein naturleg del av leiaropplæringa.

Tiltak 4

Inngå i kommunen sine overordna planar.

Delmål 2 - likestilling

Gje alle arbeidstakarane lik moglegheit til arbeid og til personleg og fagleg utvikling.

Tiltak 1

Ut frå bla. medarbeidersamtale/bemanningsplan/rekrutteringsplan lage ein opplærings- og utviklingsplan der ein også tenker likestilling.

Delmål 3 – likestilling

Tenkje likestilling ved lønnsfastsetjing.

Tiltak 1

Alle arbeidstakarar uansett kjønn, etnisitet, religion, funksjonalitet osv vert vurdert etter same kriteriesettet vedtatt i lønnspolitisk plan.



Delmål 4 – likestilling

Ha ei balansert samansetning av kjønna i leiande stillingar.

Tiltak 1

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I leiande stillingar der eit av kjønna er underrepresentert vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønnet som er underrepresentert dersom søkerane elles står kvalifikasjonsmessig likt.

Kjønnsfordeling i leiargruppa per 31.12.22:

	% kvinner	% menn
Totalt	38 (44 pga. permisjon)	62 (56 pga. permisjon)

Generelle tiltak

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I stillingsgrupper som er underrepresentert av eit kjønn vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønnet som er underrepresentert dersom søkerane elles står kvalifikasjonsmessig likt.
- At flest mogeleg som ynskjer det skal få utvida stillingane sine til 100% stilling.
- Kartlegge dei tilsette sine interesser for auke stillingsbrøken sin til 100%. (også på tvers av einingane).
- Når stillingar skal lysas ut, forsøk i størst mulig grad å lyse dei ut som heile stillingar.
- Vurdere om turnus eller arbeidstidsordning kan reorganiseras med enkle grep for å auke talet på heile stillingar.

Personalhandboka foreslår også moglege tiltak som t.d:

- *Arbeid på tvers av einingar/avdelingar/sektorar.*
- *Vikar pool.*
- *Auka grunnbemanning.*
- *Alternative arbeidstidsordningar.*
- *Organisering av helgearbeidet.*

1.10 Interkommunale samarbeid

Kommunen deltek i eit utvida omfang av interkommunale samarbeid. Sjå oversikt under, kor ein viser hovudpunkta. Bygland er ikkje vertskommune for IKS og følgjeleg rapporterer ikkje kommunerekneskapen for nokon av desse. For dei §27-samarbeida som kommunen er vertskommune for, syner ein til note 15 i rekneskapen for 2020. Nota er lagt inn under oversikten over interkommunale samarbeid. Her finn ein utfyllande oversikt og rekneskapsinformasjon for kvart samarbeid som Bygland er vertskommune for.

	Type virksomhet	Type enhet	Kontor- /vertskommune
Agder kommunerevisjon IKS	Revisjon	IKS	Kristiansand
Setpro AS	Arbeidsopplæring og tilrettelegging	AS	Evje og Hornnes
Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS	Renovasjon	IKS	Evje og Hornnes
Setesdal Brannvesen IKS	Brannvern og brannberedskap	IKS	Evje og Hornnes



Konsesjonskraft IKS	Distribusjon og handel med elektrisitet	IKS	Valle
Agder Sekretariat (§ 27)	Sekretær kontrollutvalg	Uselvtendig § 27-samarbeid	Kvinesdal
Aust Agder museum og arkiv IKS	Museumsdrift	IKS	Arendal
IKT Agder	IKT	IKS	Arendal
Setesdalmuseet Eigedom IKS	Eigar av museumseigedom	IKS	Valle
Setesdal interkommunalt politiske råd	Regionråd	Selvtendig § 18-1-samarbeid	Valle
Byglandstunet AS	Eigedomsforvaltning	AS	Bygland
Nesodden Industribygg AS	Eigedomsforvaltning	AS	Bygland
Syrtevit Næringsområde AS	Eigedomsforvaltning	AS	Evje og Hornnes
NAV Midt-Agder	NAV	Vertskommunesamarbeid	Vennesla
Setesdal barnevern	Barnevern	Vertskommunesamarbeid	Valle
Setesdal PPT	PPT	Vertskommunesamarbeid	Valle
Jordmor	Jordmor	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Ergoterapeut	Ergoterapi	Vertskommunesamarbeid	Bygland
LMT	Lokalmedisinske tjenester	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Legeteneste inkl. legevakt og KØH	Legekontor, legevakt, KØH	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Vassdragsstyre Øvre Otra	Vassdragsstyre	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Veterinærteneste	Veterinærteneste	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Veterinærvakt	Veterinærvakt	Vertskommunesamarbeid	Valle og E&H
Kulturskule	Kulturskule	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Vassområdekoordinator for Otra	Vassdragsforvaltning	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Skogbrukstjenester	Skogbruk	Sal av teneste	Bygland
Krisesentertjenester	Krisesenter	Sal av teneste	Kristiansand

Jordmor

Bygland kommune er vertskommune for jordmorsamarbeid mellom Evje og Hornnes kommune og Bygland kommune.

Ergoterapeut

Det er felles ergoterapeut for Bygland, Valle, Bykle og Åseral kommunar i 100 % stilling, kor Bygland er vertskommune. Kvar kommune dekkjer 25 % av kostnadane. Samarbeidet vart effektivert i august 2021.

Vassdragsstyre øvre Otra

Vassdragsstyret for øvre Otra er eit organ som har til føremål å arbeide for samarbeid, fleirbruk og berekraftig forvaltning av øvre Otra. Bygland kommune er vertskommune for dette organet og kommunen sin fiske- og vassdragsrådgjevar (fiskebiolog) er sekretær.

Vassområdekoordinator for Otra

For å sikre at arbeidet i Otra vassområdet blir oppfølgt i tråd med vassforskrifta vart det inngått ein samarbeidsavtale om tilsetning av ein felles vassområdekoordinator for vassområdet. Samarbeidet blir òg oppretta i tråd med nasjonale føringar der det blir anbefalt tilsetning av felles vassområdekoordinator. Det er sett av 1 mill. årleg til denne stillinga, kor sju kommunar dekkjer totalt 39 %, medan fylkeskommunen dekkjer 61 %.

Skogbrukstjenester

Det er felles skogbrukssjef for Bygland, Valle og Bykle kommunar i 100 % stilling, kor Bygland er kontorstad for stillinga.



1.11 Etisk standard og kontroll

Bygland kommune nyttar kvalitetssikringssystemet Compilo for å ta hand om internkontrollen. Her blir avvik registrert når dei oppstår og systemet syter for ei sikker oppfølging av desse avvika. Kommunen jobbar kontinuerleg med å overhalde lover og forskrifter, og avvik vert registrert og følgd opp.

Det er fleire forhold dei ulike einingane må ta omsyn til i den daglege drifta med tanke på etikk. Det gjeld ordinære lover og forskrifter. Oppvekst har eigne mobbeplanar og utdanningsforbundet har ein eigen etisk plattform som bind medlemmane. Innanfor Pleie og omsorg og Helse blir det kvar veke tatt stikkprøver for sikre gode tilgangs-rutinar til pasientjournalane. 2 tilfeldige tilsette sjekkar i forhold til oppslag i pasientjournalane.

Når det gjeld innkjøp er fleire personar involvert i innkjøpsprosessane og fakturabehandlingane for å ivareta internkontrollen. Kommunen er med i felles innkjøpsordning gjennom OFA (offentlige anskaffelser Agder) for å trygge innkjøpsprosessen og oppnå gunstige prisar. Dei som har tilgang til bankkontoane har ikkje høve til å tilvise bilag til utbetaling, dette for å sikre internkontrollen. I tillegg blir alle bilag attestert og tilvist av ulike personar. Bankkontoane blir avstemde kvar månad, og avstemminga blir kontrollert av overordna. Kommunen vedtok sitt første innkjøpsreglement i september 2021.

Ein syner òg til personalhandboka, kor mellom anna leiarverdiane i kommunen som legg føringar for leiarane i høve etikk og kontroll er omtala. Kommunen sitt økonomireglement er i utgangspunktet utdatert, men det er framleis fleire av føringane i reglementet som er like relevante no som då reglementet vart skriva, mellom anna knytte til økonomirapporteringar (tertialrapportar) og innkjøp (anvisning og attestasjon mv.). Ein tek sikte på å oppdatere reglementet seinast innan september 2023.

Kommunen har også eit etikkreglement (vedteke i 2019), som er retta mot tilsette og folkevalde, som inkluderer m.a. tema som profesjonalitet (ærlegdom, likehandsaming, lojalitet, omdøme, teieplikt mv.), openheit og dialog, interessekonfliktar (habilitet), gåver/representasjon, pengar og egedelar, innkjøp, arbeidsmiljø og varsling. Etikkreglementet finst og som samandrag i «plakat-format» som vert hengt opp synleg i kommunen sine einingar/avdelingar. Kommunen har i tillegg eigne retningslinjer for habilitet for å førebygge at det vert gjort transaksjonar mellom nærstående parter. Retningslinjene er retta mot, og ansvarleggjer, tilsette og folkevalde i kommunen med omsyn til habilitetsreglane i forvaltningslova.

På generelt grunnlag, så arbeider kommunen kontinuerleg for å oppnå så høg grad av intern kontroll og etisk standard som mogleg.



1.12 Befolkningsutvikling

1.12.1 Folketal etter grunnkrets for åra 2000 og 2014-2023

Grunnkrets	2000	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Byglandsfjord	390	409	396	395	393	404	396	385	379	368	365
Grendi	179	117	119	122	126	115	114	109	100	107	106
Årdal Vestside	14	14	14	15	15	15	16	14	13	13	13
Longerak	51	38	41	45	39	43	43	42	42	41	40
Lauvdal	39	40	38	36	35	32	32	30	30	31	27
Bygland	287	267	252	266	267	274	280	273	269	260	271
Bygland Vestside	1	.	5	5	5	5	5	5	3	3	3
Jordalsbø/Lidi	98	83	85	80	87	88	84	79	81	82	81
Skomedal	24	22	25	25	24	24	22	22	23	20	19
Frøysnes	13	11	10	10	10	9	7	7	7	8	9
Sandnes/Åraksbø	87	72	73	73	75	76	68	70	73	73	80
Austad Austside	80	68	68	62	65	63	64	70	69	72	73
Ose/Moi	32	20	19	24	20	23	24	23	22	26	26
Langeid/Heggland/Tveit	39	31	34	33	28	35	35	30	28	27	22
Ose/Moiheia	.	2	2
Langeid/Heggland/Tveitheiene	.	1	1	1	9
Austad Austhei	1	5	5	5
Uppgjeve grunnkrets	16	.	2	7	2	1	2	3	3	3	1
Totalt:	1351	1200	1189	1204	1200	1207	1192	1162	1142	1134	1136

Tabellen viser innbyggjartala per grunnkrets per 1.1 i dei respektive åra. For perioden fram til 2015 er trenden jamn nedgang i folketalet. Dei siste åra er ein usikker på kor mange av bebruarane som budde på asylmottaket som var registrert i folkeregisteret. År 2000 er teke med for å vise utviklinga over lengre sikt. Frå 2019 til 2022 er det ein dramatisk nedgang. Frå 2022 til 2023 er det ei moderat auke, men mykje kan tyde på at det er flyktingane frå Ukraina som kom i andre halvår 2022 som bidreg til dette.

1.12.2 Befolkningsprofil

Befolkningsprofil Bygland 2018-2022:

	2018	2019	2020	2021	2022
Innbyggjarar (antall)	1192	1162	1142	1134	1136
Fødde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	5,9	6	6,1	6,2	4,4
Døde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	13,4	5,2	13,1	15	21,2
Netto innflytting (antall)	-6	-33	-12	2	23
Andel einslege innbyggjarar 80 år og over (prosent)	10,2	10,3	11,5	11,6	32
Andel uføretrygda 18-66 år	16,6	17,0	19,2	19,0	18,6

Tal per 31.12.22.

**Befolkningsprofil Bygland samanlikna med andre kommunar 2021:**

	Bygland	Åmli	Iveland	Valle	Bykle	Åseral	Hægebostad
Innbyggjarar (antall)	1136	1786	1344	1180	995	911	1750
Fødde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	4,4	9,0	13,4	11,9	8,0	7,7	11,4
Døde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	21,1	10,6	11,2	13,6	3,0	7,7	11,4
Netto innflytting (antall)	23	-12	18	13	54	-1	46
Andel einslege innbyggjarar 80 år og over (prosent)	60,4	73,6	66,7	63,1	78,8	69,4	60,8
Andel uføretrygda 18-66 år	18,6	20,4	21,0	13,4	4,7	11,5	15,0

Tal per 31.12.22. Det er spesielt verdt å merke seg at Bygland både har i særklasse flest døde og færrest fødde per 1000 innbyggjarar samanlikna med andre små kommunar i Agder. Dette er dramatiske tal.

1.13 KOSTRA: Andre nøkkeltal

I dette delkapitlet viser ein KOSTRA-tala for dei største einingane i kommunen; oppvekst, helse og pleie og omsorg. Totalt utgjør desse einingane om lag 70 prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter. Det er viktig å merke seg at desse tala kan innehalde rapporteringsfeil. Elles så skal ein og vere forsiktig med å leggje for mykje vekt på å samanlikne tala mellom ulike kommunar direkte, då f.eks. demografi kan ha mykje å seie for korleis ein kommune vel å prioritere. For små kommunar kan og mindre endringar i antal utgjere store utslag på statistikkane frå år til år.

1.13.1 Nøkkeltal oppvekstsektoren

I dette avsnittet har ein inkludert nøkkeltal for barnehage (øvrste del av tabellen under), skule (midtre del) og barnevern (nedste del).

	Bygland	Åmli	Iveland	Hægebostad	Kostragr. 14
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggjarar 1-5 år (%)	88,6	88,9	87,0	85,6	91,6
Andel barnehagelærarar i forhold til grunnbemanning (%)	62,2	41,9	50,0	47,1	42,5
Netto driftsutgifter barnehagar i % av kommunens totale netto driftsutgifter	8,0	10,1	..	11,2	9,4
Netto driftsutgifter barnehagar, per innbyggjar 1-5 år (kr)	225432	179040	..	178260	218582
Årstimar til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring	38,0	52,2	54,5	107,0	64,2
Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	70,6	196,3	126,5	148,6	170,4
Elever i kommunale og private grunnskolar som får særskilt norskoppl. (%)	2,5	2,9	11,6	2,4	4,4
Elever i kommunale og private grunnskolar som får spesialundervisning (%)	10,0	11,7	12,1	8,3	9,3
Gjennomsnittleg grunnskolepoeng (antall)	47,2	42,6	40,9	..	42,8
Netto driftsutgifter grunnskolesektor i % av samla netto driftsutgifter (%)	23,0	18,4	..	25,9	21,6
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor per innbyggjar 6-15 år (kr)	262165,1	154085,7	..	183008,5	195043,6
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år (%)	5,3	2,2	3,3	:	3,2
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år (%)	5,9	3,4	2,7	:	3,6
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-24 år (kr)	14353	12700	..	5534	11581
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-24 år (%)	8,0	5,2	2,1	0,7	3,6

Når ein samanliknar med gjennomsnittet for kommunegruppa, ser ein at Bygland ligg vesentleg over når det gjeld netto driftsutgifter per innbyggjar til skule og barnevern, og ikkje like mykje over når det gjeld barnehage. Sjølv om kommunen har redusert utgiftene på barnevernsområdet, så gjer ein betydeleg reduksjon i talet på innbyggjarar i denne aldersgruppa, at kostnadane per innbyggjar i liten grad vert redusert. Utover dette så viser ein til tala i tabellen.



1.13.2 Nøkkeltal helse- og omsorgstenester

	Bygland	Åmli	Iveland	Hægebostad	Kostragr. 14
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbyggjar (kr)	54596	51267	..	48820	51659
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjar (årsverk)	526,6	528,3	274,3	449,4	468,8
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i % av kommunens samla netto driftsutgifter	39,6	36,6	..	38,4	35,9
Andel innbyggjarar 80 år og over som bruker heimetenester (prosent)	43,4	45,3	35,7	35,1	35,3
Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på sjukeheim (prosent)	15,1	8,5	..	12,4	12,7
Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta i % av kommunens samla netto driftsutg.	5,5	6,9	..	6,9	7,3
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggjarar (årsverk)	12,3	19,0	..	12,6	19,0
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggjarar (årsverk)	7,0	11,2	..	11,4	12,2
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta per 10 000 innb. 0-20 år	123,6	55,4	54,5	83,9	53,0

Kommunen har litt høgare driftsutgifter per innbyggjar enn kommunegruppa. Når det gjeld årsverk, så ligg kommunen betydeleg over kommunegruppa når det gjeld helse og omsorg og helsestasjons- og skulehelsetenesta, men når det gjeld sistnemnte vert deler av årsverka finansiert av eit statleg tilskot. Fysioterapeutårsverk ligg kunstig lågt fordi kommunen kjøper fysioterapitenesta eksternt. Elles viser ein til tala i tabellen.

